


Innspel

Kommuneplanen sin samfunnsdel



2025 – 2040

Ryfoss 12-5-25.

Til Vang Kommune.

Avgående ny reguleringsplan for Raundalen.

Vi vil med dette melde vår interesse
for regulering av våre teiger, Gnr. 95
Gnr. 2-3 og 7 Rudi, i Raundalen.

Det totale arealet er ca 5,25 dekar.

Området er tenkt regulert til
fritidsboliger, i det omfang terreng,
grunnforhold og beliggenhet tilslir
innenfor reguleringsverket. Vi er kjent med
at det foreligger et krav om høgdebasseng
for meir vannkapasitet, ved meir
utbygging i Raundalen.

Med hilsen fra grunneieren

Ove Bunde og Felde Liey.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025: Høyringsinnspel frå eldrerådet i Vang.

Ymse statistikkar viser mistilhøve mellom antal pensjonistar og yrkesaktive. Dette gjer det ekstra viktig for eldre å ta vare på helsa si for å kunne greie seg sjølve og bu lengst mogleg heime. Vang har som eit hovudmål å prioritere den frivillige innsatsen i kultur og samfunnsliv. Pensjonistar er i dag aktive i samfunnet og i frivillig sektor, og i samfunnsplanen er det skrive eit ynskje om at denne gruppa skal bidra endå meir. Slik er det viktig å halde seg i form.


Den billigaste måten å halde seg i form på er å gå, men ikkje alle har ein trygg veg å vandre på. Vang er lansert som ein trafikksikker kommune. E16 er den mest trafikksikre vintervegen aust- vest, og trafikken aukar. Men den er ikkje særleg trygg for gåande og syklande.

Ut frå *Folkehelseprofilen 2025* er klimaendringar lansert som den største helsetrusselen i dette århundre. Kommunane har ei viktig rolle for «å leggje til rette for arealbruk som er både klimavenleg og som kan fremje folkehelse». Her er det nemnd som døme gang – og sykkelvegar; som klimasmarte val. Ved siste synfaring langs E16 mellom Ryfoss sentrum og Tveit stadion for nokre år sia, rådde Statens vegvesen til å nedskalere *Gang- og sykkelveg til Sykkel- og trillestig* då det er mykje enklare å få til. Vi har merka oss at det likevel ikkje er lagt inn midlar i siste økonomiplanen verken til planlegging eller gjennomføring i nærmeste framtid.

Som eit døme på hyppig bruk viser vi til gangvegen mellom Ryfoss- Høre. Straks vegen var ferdig på 1990 talet, begynte mange pensjonistar og andre vaksne å bruke leia fast i tillegg til skule- og barnehageungar; som var målgruppa då. Det er stor takksemd til Vang kommune for denne gang- og sykkelvegen og den i Vang sentrum.

Visjon til Vang kommune er nærliek, trivsel og å ta hand om eiga utvikling, og Vang skal legge til rette for aldersvenlegheit og universell utforming. Prioritering av systematisk folkehelsearbeid og førebygging for alle aldersgrupper er endå viktigare enn før. For vaksne og eldre tilrår *Helsedirektoratet* nasjonalt mellom 2,5 – 5 timer trim i veka. Også dette gjer at Eldrerådet ser det som viktig med **Sykkel- og trillestig**, i fyreste omgang mellom Ryfoss sentrum – og Tveit stadion.

Frå Vang Eldreråd 6.mai 2025.



Innspel til kommuneplanens samfunnsdel · Vang kommune

Tyin Filefjell AS, 12.05.2025

1. Innleiing

Tyin Filefjell er allereie ein viktig verdiskapar i Vang, og har eit potensial som kan løfte heile kommunen. For å lukkast treng vi eit planverk som gjev klar retning og føreseielege rammer. Gjeldande utkast tek ikkje tilstrekkeleg høgde for utviklingsbehova på destinasjonen, og syner ingen klåre ambisjonar for kva ei vellukka utvikling av Tyin Filefjell kan gje for å bidra til ei livskraftig og positiv lokalsamfunnsutvikling i åra framover.

Utviklinga av Tyin Filefjell er viktig for Vang fordi den bidreg til fleire bein å stå på i lokalsamfunnet. Reiselivet og relaterte næringar står for halvparten av verdiskapinga i det private næringslivet i Vang i dag, og ei målretta satsing på ei destinasjonsutvikling som tilpassar seg nye tider og trender kan vera ei avgjerande brikke både for vidareutvikling av eksisterande verksemder, og utvikling av ny næring i åra som kjem.

Tyin Filefjell skapar heilårsarbeidsplassar innan reiseliv, drift, bygg, aktivitetar, handel og tenester, og styrker grunnlaget for både offentleg og privat tenesteyting. Satsinga gjev òg positive ringverknader for grunneigarar, lokale entreprenørar, serveringsstader og butikkar, og aukar attraktiviteten til kommunen som heilsak - både for innbyggjarar, tilflyttarar og for dei som ønskjer å investere i fritida si her.

Auka aktivitet og attraktivitet vil òg bidra positivt til befolkningsutviklinga. Erfaringar frå andre destinasjonar som har lukkast med positiv utvikling over tid, syner at ein særskilt får ein effekt blant dei yngre delane av befolkninga. Dette kan gje store oppsider for den lokale demografisamsetjinga, og vil også stimulere bustadmarknaden i Vang.

I ei tid der befolkninga vert eldre og behovet for kompetanse og tenester aukar, og fleire står utanfor arbeidslivet, vil Tyin Filefjell også kunne spele ei viktig rolle. Gjennom skaping av nye arbeidsplassar, samarbeid med frivillig sektor og etablering av nye, sosiale møteplassar og fritidstilbod for fleire aldrar, kan destinasjonen bidra til sosial berekraft og lokal trivsel.

Dette samsvarer med dei strategiske måla i samfunnsdelen, og utviklinga av destinasjonen byggjer opp under kommunen sin visjon om å vera ein attraktiv stad å bu og vekse opp.

Marknaden for reiseliv og fritidsbustader svinger med valuta, renter, energiprisar og klima. Men ei vellukka satsing føreset at ein held fast ved dei måla ein har sett seg, og beheld trua og framdrifta også i motbakkane. Når reguleringsprosessar dreg ut i tid, aukar risikoien for alle aktørar, investeringar blir utsette, og arbeidsplassar går tapt. Difor må kommunen sikre raske og transparente planløp, og slå fast at Tyin Filefjell er eit satsingsområde i samfunnsdelen.

Det er viktig at samfunnsdelen og arealdelen i kommuneplanen blir utforma i tett samanheng. Samfunnsdelen må danne eit tydeleg, strategisk rammeverk som gjev retning og føringar for det om seinare skal konkretiserast gjennom arealbruken. Når desse to planverka spelar godt saman, gjev det betre politisk styring, større føreseielegeheit for utbyggjarar og investorar, og ein heilsakleg forvaltning av natur, lokalsamfunn og infrastruktur.

Vi meiner at ei målretta og berekraftig utvikling av Tyin Filefjell vil bidra direkte til realisering av hovudmåla i samfunnsdelen, og at vi i fellesskap har ein unik moglegheit til å realisere ein føregangsdestinasjon som skapar store verdiar lokalt, og som kan setja oss på kartet med positivt føreteikn nasjonalt og internasjonalt.

2. Marknadsrobustheit og samarbeid

Fjelldestinasjonar som Tyin Filefjell står i krysspresset mellom konjunktur og klima. Valutakurs, kjøpekraft, transport- og energiprisar, arbeidsmarknad, rente, eigedomsprisar, ferietrender og snøsikkerheit påverkar både drift og investeringar. For å stå imot slike svingingar, og samtidig skape ringverknader for Vang, må destinasjonen byggje robustheit på fire område:

1. Flere inntektsbein

Aktivitetar, overnatting og eigedom må utviklast side om side. Når hyttesalet flatar ut, kan utleige og opplevingar halde hjula i gang - og omvendt.

2. Sesongbreidde

Sykling, vandre- og klatreturar, kultur- og matarrangement, kurs/konferanse og familieopplevingar gjev inntekter utanom vintersesongen, styrker rekrutteringa og skapar fleire heilårlege arbeidsplassar.

3. Partnarskap

Medinvestorar, driftsselskap, hytteleverandørar og lokale aktørar deler risiko og gevinst. Slike avtalar krev klar kommunal ramme; investorar flyktar når sakhandsaminga er uføreseileg.

4. Samhandling

Føreseielege reguleringsløp og god dialog mellom kommune og utviklarar er limet som held utviklinga saman. Utan dette stoppar både varme senger, hyttefelt og aktivitetsanlegg opp.

3. Bærekraft – ramme for utvikling

Utviklinga av Tyin Filefjell skal vere skånsam mot naturen, styrke lokalsamfunnet og byggje økonomisk ryggrad. For oss som utviklar er berekraft ei grunnleggande ramme for alt arbeid, og kommunen må vere med på å leggje til rette for heilskapleg, langsiktig utvikling.

Det inneber konkret:

1. Innføre ein klår utviklingsgrense

Kommuneplanen må teikne ei fast grense for utbygging. Alt utanfor blir liggjande urørt og ferdsel kanaliserast; Innafor skal utbygging samlast og konsentrerast, sårbar natur og myrområde bevarast, og landskapet tilpassast for å sikre samanhengande naturområde.

2. Kartlegging av naturverdiar

Før detaljregulering bør det gjennomførast biologiske registreringar. Planane må vise korleis viktige artar, bekdedrag og kulturlandskap blir skjerma eller restaurert.

3. Ein plan for klimagasskutt

Målet er å følgje Noregs forpliktingar i Parisavtalen. Vi vil utvikle for bilfri mobilitet, klimaeffektive byggemateriale, fornybar energi til oppvarming,

energieffektive løysingar for bygg, heisar og snøproduksjon - og kutte utslepp frå preppemaskiner gjennom overgang til biodiesel eller el-drift når det blir tilgjengeleg.

4. Lagspel med lokalsamfunnet


Destinasjonen skal utviklast i tett samarbeid med grunneigarar, lag og lokale aktørar. Tilbod som løpenett og alpinanlegg må vera tilgjengelege og relevante for fastbuande. Dette fremjar sosial berekraft gjennom møteplassar og aktivitetar som styrker frivilligheita og førebyggjer utanforskaps-

5. Styrke den økonomiske berekraften

Destinasjonen skal drivast med ryddig økonomi og solid kapital. Dette gjer oss betre rusta til å handtere marknadsswingingar utan å kompromittere miljø, kvalitet eller lokal forankring.

4. Arealstrategi

Utbygginga av Tyin Filefjell skal samlast i tre avgrensa utviklingsområde. Ein slik arealstrategi gjev føreseielege rammer, konsentrerer inngrep og sikrar at viktige naturområde blir ståande urørte.



Område 1 - «Sørsiden» – ligg sør for E16, frå Tenla i vest til Finndalshorn i aust. Her finst hovudtyngda av dagens alpinanlegg og hyttefelt, og området eignar seg for vidare fortetting av fritidsbustader, hotellkapasitet og aktivitetar i tilknyting til eksisterande infrastruktur. Det er her fjellandsbyen vil starte, og fungere som det sentrale tyngdepunktet for den vidare utviklinga av destinasjonen.

Område 2 - «Nordsiden» – nord for E16, avgrensa av Raudbergkampen i nord, Ylja i aust og Tyinvegen i vest. Denne sona vil bli hovudarena for heilårs aktivitetar som stisykling og langrenn, samt nye fritidsbustader i terrenget som toler utbygging utan store terrenginngrep. Vidareutvikling av alpintilbodet

er òg ein sentral del av planane: Bunnstasjonen til stolheisen Andstor er tenkt plassert her, og det er sett av areal til nye heisar og trasear i dei sør vendte hellingane. Over tid vil fjellandsbyen kunne byggjast gradvis vidare inn i deler av denne sona, slik at naudsynte servicetilbod og bustadkapasitet veks i takt med aktivitetane.

Område 3 - Skørsnøse – fjellsida mot Skørsnøse. Her ligg ein visjon om gondol og nye alpintrasear. Potensialet skal utgreiaast nærare med omsyn til økologiske verdiar, landskap og økonomi før endelege avklaring.

Alle tre områda vil bli underlagde detaljregulering med klare byggjegrensar, høgdeavgrensingar og krav til landskapstilpassing. Slik får kommunen, utbyggjarar og lokalsamfunn ei tydeleg kartfesting av kvar utvikling kan skje – og kvar naturen skal liggje urørt.

5. Varme senger – nøkkelen til heilårsdrift og heilårsarbeidsplassar

Varme senger – altså einingar tilgjengelege for utleige – er motoren i ein heilårsdestinasjon. Dei gjev grunnlag for aktivitetar, butikkar og tenester året rundt. Å byggje og drifta slike einingar krev kapital og berekraftig drift, og difor er strategien tredelt:

1. Aktivering av kalde senger

Gode bookingløysingar, digital nøkkelhandsaming og profesjonelle reinhaldstenester gjer det enklare for hytteeigarar å leige ut.

Nye fritidsbustader bør planleggjast med 6-8 sengeplassar, bodplass for eigar og leietakar, fjernstyrт varme og nærliek til løpenett og service.

Godt utleigepotensial aukar kjøpekrafta til hyttekjøparar, noko som er viktig ved høge kapitalkostnader

2. Dedikerte utleigeeiningar

Investordrivne hytter og leilegheiter kan byggjast utan moms og driftast profesjonelt. Desse prosjekta kan realiserast også når salet av private hytter flatar ut. Langsiktig investering gjev jamm avkastning og reduserer sårbarheita for marknadssvingingar.

3. Fjellhotell

Filefjellstuene er alt utvikla til eit fullverdig hotell og gjev eit solid fundament for helårsturisme. Vidare utbygging til 80-120 rom med konferansekapasitet vil styrke skuldersesongane og trafikken midt i veka. Hotelldrift krev spesialkompetanse og solid eigenkapital; neste utbyggingssteg kjem normalt i seinare faser, når destinasjonen har vist volum. Nye hotell er òg nøkkelen til å kunne tilby fasilitetar som symjebasseng, treningsenter og restaurantar – tenester som best kan driftast under hotelldrifta, og som aukar attraktiviteten for både gjester og lokalbefolking.

Sal av kalde einingar gjev kapital til å byggje ut varme senger og aktivitetsanlegg. Men utan raske og føreseielege planprosessar stoppar denne syklusen opp: Investorkapital blir ståande ubrukt, og både varme senger og infrastruktur uteblir.



Vi har sidan 2022 gjort omfattande investeringar ved Filefjellstuene, for å auke volumet av varme senger og attraktiviteten på destinasjonen. Denne investeringa representerer ein viktig start, men volumet av senger er per i dag langt frå stort nok til å vera motoren ein treng for å drive ein livskraftig heilårsdestinasjon.

6. Forankring av Tyin Filefjell i samfunnsdelen

For å sikre ei robust og samordna utvikling må Tyin Filefjell forankrast tydeleg i kommuneplanens samfunnsdel. Dette gjev retning for arealbruk, næring, infrastruktur og miljø, og legg til rette for at kommune, næringsliv og lokalsamfunn kan trekkje i same retning.

Tyin Filefjell som motor

1

Setninga frå KDP Tyinkrysset - om at *området skal bli ein stor berekraftig heilårsdestinasjon* - må takast inn i samfunnsdelen og komande arealdel.

Tre aktive sentrum

2

Tyin Filefjell må inngå i kommunens sentrumsstrategi som eit likestilt tyngdepunkt saman med Vang sentrum og Ryfoss. Dette styrker samhandling og gjer det mogleg å samordne bustadutvikling, tenestetilbod og næringsareal på tvers av dei tre områda.

Reiseliv som hovudnæring

3

Reiselivet og reiselivsrelaterte næringar står allereie for ein vesentleg del av verdiskapinga i Vang - over halvparten i dag - og denne andelen vil auke ytterlegare når utviklingsplanen for Tyin Filefjell blir realisert. Dette må synast i næringskapitlet.

Føreseielege reguleringsløp

4

Ein god dialog og tett samarbeid med utbyggjarar er avgjerande for å sikre føreseielege reguleringsprosessar. Når planarbeidet dreg ut, blir både hyttefelt, hotell, skiheisar, tur- og stisykkelloyper forseinka - og med det òg moglegheita for heilårsdrift.

Kommunen som infrastruktur-tilretteleggjar

5

Kommunen bør ta ei aktiv rolle i utbygging av kritisk infrastruktur som reinseanlegg. Når slike investeringar tener fleire prosjekt, bør kommunen vere planleggjar og eigar. Dette unngår å binde privat kapital i grunnstruktur, og frigjer midlar til varme senger og aktivitetsanlegg. Tek ikkje kommunen denne rolla, kan utviklinga bli forseinka - og i verste fall stoppe heilt opp.

Desse punkta heng tett saman og må sjåast som ei samla ramme for utvikling. Tydelig forankring i samfunnsdelen er avgjerande for at Tyin Filefjell skal kunne utviklast berekraftig, samordna og i takt med dei måla kommunen sjølv har sett for framtida.

7. Forslag til tekstjusteringar i planutkastet

Tabellen under viser konkrete forslag til tekstendringar i samfunnsdelen av kommuneplanen, med sidevisingar til det opphavelege planutkastet der relevant.

Noverande tekst	Føreslegen ny tekst/endring	Grunngjeving
«Det har i lang tid vore ein satsing på reiselivet i Vang. Reiselivsnæringa bidreg til viktig verdiskaping. Det er likevel utfordringar og moglegheiter knytt til rekruttering av stabil arbeidskraft, heilårsarbeidsplassar og berekraftig reiselivsutvikling» (side 6)	«Det har i lang tid vore ein satsing på reiselivet i Vang. Reiselivsnæringa bidreg til viktig verdiskaping, og skal utviklast vidare med fokus på å skape grunnlag for berekraftig utvikling, drift og kompetansestyrking, med stor grad av heilårsarbeidsplassar.»	<i>Ny tekst gjer bodskapen meir forståeleg og tek tak i moglegheitene som ligg i å utvikle reiselivet.</i>
«Ved investering i ny infrastruktur i reiselivsområder skal økonomisk risiko tas av utbyggjar/utviklar gjennom justeringsrettsmodellen» (side 11, Landbruk og teknisk)	Setningen strykast.	<i>Setninga forskotterer og fastlåser ei byrdefordeling som lyt vurderast og avgjerast for kvart enkelt tiltak ved infrastrukturutbygging.</i>
«Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv» (side 12)	Legg til kulepunkt: «Legge til rette for å skape ei berekraftig og veksande reiselivsnæring»	<i>Synleggjering av satsing på reiselivsnæringa også i framtida.</i>
«Vang kommune skal jobbe aktivt med å redusere eigne klimagassutslipp fram mot 2040» (side 12)	Legg inn klimabudsjett med utsleppsnivå frå 2023 og fastset mål for kvar sektor. Det må tydeleggjerast kva sektorar som har størst potensial for kutt, og alle delar av samfunnet må bidra.	<i>Gjer målet målbart og forpliktande.</i>
Tyin Filefjell ikkje nemnt i bustad- og sentrumssstrategi (side 13)	Utvikle ein konkret strategi for Tyin Filefjell som tredje sentrum i kommunen, med plan for bustadbygging og lokalisering av funksjonar og tenester.	<i>Tyin Filefjell treng ei eiga strategisk forankring i tråd med utviklingsplanar.</i>

Noverande tekst	Føreslegen ny tekst/endring	Grunngjeving
<p>«Vang kommune vil vidareføre satsing på konsentrert utbygging på Tyinkrysset innanfor regulerte areal. Utbygginga skal fyrst og fremst vera leilegheitsbygg og servicenærинг samt noko hyttebygging. Hyttebygging andre stader i kommunen skal kome i tilknyting til allereie utbygde område. Det kan tillatast noko vidare utvikling ved naturlig fortetting» (side 13)</p> <p>«Det bør ikkje tillatast bygging av hytter i stølsområda eller frådeling av stølshus som kjem til hinder for landbruksdrift eller er øydeleggjande for kulturmiljøet og landskapsbiletet. Hytter i stølsområda skal vidare kunne gjera naudsynte forbetringar» (side 13)</p> <p>«Ta i bruk verktøy som arealrekneskap» (side 14)</p> <p>«... nærliek til kollektivtilbod» (side 13)</p> <p>Ingen næringsstrategi for Tyin Filefjell (side 14)</p>	<p>«Hovudmålsettinga til Vang kommune er å legge til rette for at Tyin Filefjell skal utvikle seg til ein stor, berekraftig heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsetjingane som ligg i masterplanen som er utarbeidd for området.»</p> <p>«I stølsområde og andre kulturlandskap skal kommunen ha ein tydeleg strategi for korleis ein balanserer vern og moglegheiter for tilpassing og utvikling for komande generasjonar.»</p> <p>Avklar om det er meint i reguleringsplanar eller overordna på kommunenivå.</p> <p>Nytt kulepunkt: «Arbeide for styrking av kollektivtilboden til og fra sentrumsområde og viktige knutepunkt/besøksområde i kommunen, slik at både fastbuande og gjester i størst mogleg grad kan nytte seg av rutegåande transport.»</p> <p>Legg inn ein tydeleg næringsstrategi for Tyin Filefjell i kommuneplanen, basert på gjeldande KDP, masterplan og dette innspelets brevet.</p>	<p>Fører vidare utviklingsstrategien frå KDP Tyinkrysset.</p> <p>Gjev framtidsretta og meir balansert styring av desse områda.</p> <p>Klargjering og operasjonalisering av verkemiddel.</p> <p>Dette er ein viktig hygienefaktor for både fastbuande og reiselivsnæringane, og eit målretta grep for å redusere utslepp knytta til transport.</p> <p>Gjev retning og føreseielege rammer for vidare utvikling.</p>



8. Konklusjon

Tyin Filefjell står allereie for ein vesentleg del av verdiskapinga i Vang, og har potensial til å bli kommunen sin viktigaste drivkraft for næringsutvikling, omstilling og heilårlege arbeidsplassar i reiselivet og relaterte næringar.

For å sikre ei berekraftig og samordna utvikling, viser innspela våre til behovet for å forankre Tyin Filefjell som eitt av tre strategiske sentrum i samfunnssdelen, fastsetje ein tydeleg arealstrategi med avgrensa utbyggingssonar, styrke innsatsen for klimakutt og sirkulær ressursbruk, sikre at varme senger får ei sentral rolle i verdiskapinga, og å leggje til rette for føreseielege regulerings- og infrastrukturprosesser gjennom god samhandling mellom kommune og utbyggjarar.

Med desse hovudgrepa på plass vil Vang få eit planverk som både vernar naturen, skapar nye arbeidsplassar, styrker lokalt næringsliv og legg til rette for investeringar i aktivitetar, hotell og fellestilbod. Tyin Filefjell kan då utviklast til eit fyrtårn for berekraftig fjellturisme, og bli ein langsiktig inntektsmotor for kommunen.

Vedlegg

1. Økonomisk Analyse av Destinasjonsutvikling på Tyin Filefjell (Menon, 2025)
2. Masterplan utvikla av Ecosign

Vi takkar for høvet til å kome med innspel til samfunnssdelen, og vi stiller oss gjerne til disposisjon for å utdjupe våre synspunkt eller svare på spørsmål i vidare prosess.


Fjellhelsing frå

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Eirik Høyme Rogn".

Eirik Høyme Rogn
Dagleg leiar
Tyin Filefjell AS

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Håkon Semb-Arnstorp".

Håkon Semb-Arnstorp
Styreleiar
Tyin Filefjell AS



Innspill til kommuneplanens samfunnsdel

JVB driver med ekspressbusstransport og båt- og beltebilaktivitet i Vang kommune. I tillegg har selskapet omfattende reiselivsaktivitet og turproduksjon i samarbeid med aktører i kommunen.

Bakgrunn

JVB som selskap har sin opprinnelse i Vang for mer enn 100 år siden. Aktiviteten har hele tiden vært relatert til transport og opplevelser i Jotunheimen og Valdres, derav også navnet Jotunheimen Valdresrutene Bilsselskap. Selskapet har hele tiden hatt som formål å transportere lokalbefolkning og besökende, og i den senere tid har selskapet også satset offensivt i det internasjonale reiselivsmarkedet med mål om å skape helhetlige og bærekraftige opplevelser av høy kvalitet i vår region. Dette arbeidet gjøres i tett samarbeid med de viktigste destinasjonene i regionen, samt med lokalt vertskap og aktører innenfor overnatting, aktiviteter og bespisning.

JVBs leveranser i dag i Vang kommune


JVB drifter i dag bussrutene NW162 Lillehammer/Oslo – Bergen, samt NW163 mellom Oslo Lufthavn og Årdalstangen – begge langs E16 gjennom Vang under merkevaren Nor-Way Bussekspress. Rutene har i dag til sammen tre daglige avganger (i hver retning) og fire i sommerperioden. Rutene har et større antall holdeplasser i kommunen og fungerer som lokal/regional buss for innbyggere og besökende. Gjennom samarbeid med Skyss og Innlandstrafikk validerer vi hverandres billetter og kampanjer som «hvor du vil i Innlandet for en 10-er» gjelder også på våre busser.

JVB drifter beltebiler mellom Tyinkrysset og Eidsbugarden i perioden medio februar – ultimo april, en strekning på ca. 20 km. som ikke brøyes. Ruta er svært viktig for hyttebrukere og turister til Tyinholmen og Eidsbugarden. I sommerperioden driftes båten M/B Bitihorn mellom Bygdin og Eidsbugarden som frakter et større antall (ca. 8000) passasjerer.

JVB Travel er en turoperatør som produserer helhetlige sykkel-, vandre- og skiopplevelser til utenlandske mindre grupper (2 – 16 personer). Vi har et utstrakt samarbeid med f.eks. Bygdin fjellhotell, Fondsbu Turisthytte og Filefjellstuene, men også aktører som Kongevegen, Tyin Aktiv, Tyinlam og Sparstadstølen. JVB har et omfattende partnerskap med Vinjerock.

Utfordring

Etter pandemien har det vært svært krevende å opprettholde bussruter, båt- og beltebilaktivitet pga. passasjersvikt fra lokalbefolkning og det norske reiselivet. Det er internasjonale besökende som kompenserer, og da særlig mellom Lærdal og Bergen.



Gjennom JVB Travel har vi investert mye ressurser for å styrke reiselivet i Jotunheimen gjennom såmløs tilrettelegging med transport, overnatting, bagasjelogistikk og opplevelser. Vår største vekstbegrensning i JVB Travel er tilgang til hotellkapasitet og opplevelser i høysesong – både sommer og vinter.

En videre utvikling av reiselivet i Vang, særlig rettet mot det internasjonale markedet, er derfor en klar forutsetning for at også JVB skal kunne oppnå en bærekraftig drift videre framover.

Løsning

Utviklingen i reiselivet i Vang generelt, og Tyin-Filefjell-området spesielt, vil, slik vi ser det, være en svært viktig vekstimpuls for alle JVBs virksomhetsområder i Jotunheimen. Et fokus mot det internasjonale markedet, et kompakt (og bilfritt) sentrum og en destinasjon med kvaliteter som tiltrekker bevisste besøkende, vil gi både destinasjonen, aktørene rundt og hele kommunen, en motor for vekst og utvikling uten sidestykke.

Med en slik utvikling, hvor det er skissert 250.000 gjestedøgn, vil det kunne etableres nye bussavganger til/fra Oslo Lufthavn og Oslo via Fagernes mot Bergen. Disse vil også komme lokalbefolkningen til gode, noe som innbyggerundersøkelsen viser at man er svært opptatt av.

Grunnlaget for opplevelser i området, også inn til Eidsbugarden vil styrkes, noe som vil styrke driften av både beltebiltjenesten og båtdriften. Overnatningskapasiteten i Vang vil styrkes og mon om ikke også Eidsbugarden hotell vil komme i drift igjen - viktige forutsetninger for vår turproduksjon i området.

Til utkastet til kommuneplan

JVB savner en tydeligere satsing på reiselivet i utkastet til kommuneplan. Som den, ved siden av landbruket, viktigste bidragsyteren til den økonomiske aktiviteten i kommunen og potensielt den viktigste driveren for utviklinga i kommunen for fremtiden, er det svært viktig å fremheve dette på flere områder i planen. Kommunen som tilrettelegger og retningsgiver for denne utviklingen kan ikke undervurderes.

Vi slutter oss derfor til høringsinnspillet fra Tyin-Filefjell Utvikling (understøttet i den økonomiske analysen fra Menon, 2025), samt andre reiselivsaktører i kommunen.

Med vennlig hilsen,

Christian Hedløv Engh
Konsernleder (konstituert)
AS Jotunheimen og Valdresruten Bilselskap
JV B Tur AS | JVB Travel
che@jvb.no

Vang kommune,
Tyinvegen 5161,
2975 VANG I VALDRES
post@vang.kommune.no

JORDVERNALLIANSEN INNLANDET
HØYVANGVEGEN 40, BLÆSTAD
2322 RIDABU
Tlf. 63 55 51 10
EPOST: INNLANDET@JORDVERN.NO
NETT: WWW.JORDVERN.NO/INNLANDET

14.05.25

Høringsuttalelse, kommuneplanens samfunnsdel 2025 – 2040 for Vang kommune

Jordvernalliansen i Innlandet er dannet av en rekke organisasjoner innen landbruk, miljø og fagbevegelse, og arbeider for bevaring av dyrket mark og matjord, og mot en stadig forverring av norsk sjølforsyningsgrad og matsikkerhet. Alliansen består blant annet av LO Innlandet, Naturvernforbundet, Bondelaget, Natur og Ungdom, Bonde- og Småbrukarlaget, Bygdekvinnelaget og Bygdeungdomslaget.

Vi viser til at Vang kommune har utarbeidet planforslag til kommuneplanens samfunnsdel for perioden 2025 - 2040. Planen er sendt på høring og lagt ut til offentlig ettersyn med høringsfrist 23. mai 2025.

Stortinget vedtok i 2023 en ny nasjonal jordvernstrategi, hvor det nye målet nå skal være at maksimalt 2.000 dekar dyrket mark omdisponeres årlig. Målet skal nås innen 2030. I 2021 ble det nasjonale jordvernmalet satt til 3.000 dekar dyrket mark i årlig omdisponering, mens målet tidligere lå på maksimalt 4.000 dekar. Omdisponeringen skal dermed betydelig ned de neste årene. Kommunene har en sentral rolle i oppfølgingen av strategien. Denne kraftige innstrammingen må få konsekvenser for all kommunal og regional arealplanlegging, samt for overordnede kommunale- og regionale planverk.

I Norge er kun 3 prosent av landarealet dyrket mark. Dermed er det nok av andre arealer å bygge på i Norge. Det tar minst 1000 år å danne et ti centimeters lag med matjord. Matjord er dermed i praksis en ikke-fornybar ressurs. Den gode matjorda danner grunnlag for jordbruket som vi har i dag. Nydyrkning på dårligere arealer vil ikke gi samme grunnlag for matproduksjon. Med en voksende befolkning må vi både ivareta den gode matjorda vi har, og i tillegg drive aktiv nydyrkning.

I Innlandet er store matjordarealer omdisponert til utbygging av samferdsel. Dette borger for at Innlandet ikke kan ta av sine viktige og gode matjordressurser til nærings- og boligutbygging. Jordvernalliansen er tydelig på at i eventuelt dilemma mellom jordvern og ønsker om arealer til bolig- og næringsformål, så må Stortingets innstramming av jordvernpolitikken gjennom Nasjonal jordvernstrategi legges til grunn. Dette betyr at alle kommuner må legge seg på en strengere praksis enn tidligere. Total nasjonal omdisponering



WILPF Norge
INTERNASJONAL FEMINISTISK FRIHETSBEVEGELSE



NORGES
BYGDEUNGDOMSLAG



Norsk Nærings- og
Nyttelsesmiddelarbeiderforbund



Naturvernforbundet



på 2.000 dekar per år innebærer en svært liten omdisponering per kommune. Dette fordrer en klar endring av praksis og holdninger, noe regjeringen også har gitt kommunene tydelige meldinger om:

- I felles brev fra Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet 22. januar 2024, slår regjeringa fast at jordvern er viktigere enn noen gang, og de har forventninger om at kommunene vurderer om tidligere godkjente arealendringer skal endres av hensyn til jordvern. De skriver videre at kommunene som hovedregel ikke plikter å betale erstatning når arealformål blir endret fra utbyggingsformål tilbake til LNFR-formål.
- Regjeringen ga i brev til alle landets kommuner 8. januar 2021 klar beskjed om å vektlegge jordvern i arbeidet med å nå FNs bærekraftsmål.
- I felles brev fra Landbruks- og matdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet 23. mars 2022 oppfordret regjeringen alle landets kommuner til å vedta egne jordvernstrategier, og til å vedta egne nullvisjoner for omdisponering av dyrket mark.

I det utsendte planforslaget framheves flere ganger landbrukets store betydning for kommunen, både i form av sysselsetting og for å ta vare på naturmangfoldet i kommunen. Det påpekes også at innmarksressursene i kommunen er begrenset, og at det derfor er viktig at dyrka jorda blir holdt i hevd. Vi synes derfor at formuleringene om jordvern er alt for runde og slappe. Det står på side 8, sitat: «*Det er viktig at jordbruksareal ikke vert nedbygt i for stor grad.*» Likeens står det på siste side, under «Næringsstrategi», sitat: «*Der arealbehov kan løysast på fleire måtar, bør alternativ som ikke rører dyrka mark som hovudregel veljast.*» (være understreknings)

Her oppfordrer vi kommunen sterkt til å stramme inn formuleringene, og følge opp brevet fra LMD og KMD av mars 2022, ved å vedta en egen jordvernstrategi med en nullvisjon for omdisponering av dyrka mark.

Vi ønsker lykke til videre med planarbeidet, med oppfordring om å unngå omdisponering dyrka mark.

Med vennlig hilsen arbeidsutvalget i Jordvernalliansen i Innlandet,

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Lars Opsal jr	Odd Erik Kokkin	Stephan Viehmann	Lars Arne Mjørlund
Innlandet Bondelag	LO i Innlandet	Naturvernforbundet i Innlandet	Innlandet Bondelag

DISSE ORGANISASJONENE DELTAR I JORDVERNALLIANSEN I INNLANDET REGIONALT ELLER PÅ FYLKESNIVÅ:

NATURVERNFORBUNDET – INNLANDET BONDELAG – INNLANDET NATUR OG UNGDOM – LO INNLANDET – KOKKENES MESTERLAUG HEDOPP
NORSK NÆRINGS- OG NYTELSESMIDDELARBEIDERFORBUND – BONDE- OG SMÅBRUKARLAGET – BYGDEKVINNELAGET
INTERNASJONAL KVINNELIGA FOR FRED OG FRIHET AVDELING HEDMARK/OPPLAND – BYGDEUNGDOMSLAGET
NORGES MILJØVERNFORBUND REGION ØSTLANDET

Vang kommune
Tyinvegen 5161
2975 VANG I VALDRES

Deres ref: 2023/213
Vår ref: 2025/80829
Dato: 19.05.2025

Innspill til høring av kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2040 - Vang kommune

Viser til brev datert 28.03.2025, deres referanse BRYCAR-23/213-31.

Mattilsynets rolle

Mattilsynet er statlig sektormyndighet for områdene planter, helse og velferd hos fisk og dyr, mat og drikkevann. Som høringsinstans har vi i oppgave å bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innenfor våre forvaltningsområder.

Innspill til planprogram og kommuneplanens samfunnsdel

Vi ser det som positivt at kommuneplanen sin samfunnsdel blir fornyet og oppdatert.

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsigte utfordringer og gi grunnlag for konkrete prioriteringer. Samfunnssdelen skal også gi grunnlaget for prioriteringer i arealdelen knyttet til blant annet utvikling av områder med tilhørende infrastruktur.

For Mattilsynet, er det i hovedsak drikkevannsforsyning og vern av eventuelle drikkevannskilder som er relevant å ta opp i slike planer. I tillegg vurderer vi dyrevelferd, plantehelse og akvakultur, der det er relevant.

Ved utarbeidelse av samfunnsplanen bør en ta hensyn til faktorer som har mye å si for samfunnet. Drikkevann er definert å ha stor innvirkning for samfunnet, og har gjennom lover og regelverk et sterkt vern. Vi viser også til drikkevannsforskriften § 26, der kommunens plikter står omtalt.

Drikkevann

Tilgang til nok og trygt drikkevann til abonnentene krever langsiktig planlegging. Drikkevann er en kritisk samfunnsfunksjon, som skal gå uten avbrudd. Vannverkseieren skal ha planer for alternativ drikkevannsforsyning, enten via eller utenom det normale distribusjonssystemet, dersom hendelser setter den normale leveransen ut av spill. Svikt i drikkevannsforsyningen må

av den grunn være en del av overordnet beredskapsplan.

For langsom fornying av både drikkevanns- og avløpsnettet fører til risiko for spredning av urensset avløpsvann til drikkevannsnettet, og dermed fare for spredning av smittsomme sykdommer. Økt søkelys på vedlikehold og utskifting av distribusjonsnettet for drikkevann vil føre til bærekraftig bruk av drikkevannet.

Når det gjelder nyetableringer (bolig- og fritidsbygging, industri m.m.), er det et godt prinsipp å etablere disse i tilknytning til eksisterende infrastruktur for vann og avløp. Det er ikke bare drikkevann, men ofte også tilgang til brannvann som må ligge til grunn for dimensjonering av infrastruktur. Plan- og bygningsloven er klar på at bygg ikke må reises eller tas i bruk med mindre det er forsvarlig tilgang til hygienisk trygt drikkevann og brannvann i tilstrekkelig mengde.

En økt risiko for forurensning ved distribusjon av drikkevannet (innleking/innsug av forurensset vann) eller økt problem med begroing i ledningsnettet som følge av økt mengde naturlig organisk materiale, vil kreve økt overvåking av vannkvaliteten ved distribusjon. Ved mye nedbør kan drikkevannsledninger være omgitt av kloakkforurensset vann. Da er det ekstra viktig med overtrykk i drikkevannsledningene for å unngå innsug av kloakk i drikkevannet.

Klimaendringer i form av flere fryse-/tinesykluser og tilhørende bevegelser i grunnen, kan i problemområder føre til økt frekvens på brudd i rørledninger. Intense nedbørsperioder kan føre til ras og deler av ledningsnettet kan bli rammet. Forebygging av flomutsatt infrastruktur er også et viktig tema. Vi forventer at kommunen igjennom kommuneplanens samfunnssdel fastsetter målsetninger for nok og trygt drikkevann til innbyggerne med god leveringssikkerhet.

Kommuneplanens samfunnssdel bør inneholde målsetninger om følgende:

- sikre drikkevannshensynet gjennom arealplanlegging
- status for helhetlig vann og avløpsplan i kommunen (VAO-hovedplan) og behovet for revidering
- tilknytte eventuelle flere abonnenter til fellesanlegget
- forebygge klimaendringenes påvirkning på vann og avløp
- fornye utilfredsstillende ledningsnett
- redusere lekkasje på ledningsnettet
- ha tilfredsstillende reservvannforsyning / god leveringssikkerhet
- oppfylle FNs bærekraftsmål nr. 6 og 3
- få beredskap i vannforsyningen inn som en del av overordnet beredskapsplan for kommunen
- redusere sårbarheten i forhold til hendelser mot drikkevannsanlegg

Vi ber om å bli orientert i det videre arbeidet med kommuneplanens samfunnssdel.

Med hilsen
Mattilsynet, tilsynet
Avdeling drikkevann sør

Anita Klemensdottir

Jorunn Aasgaard Grini
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Kopi til:



Planinnspel til Vang kommune – Kommuneplanen 2025–2040, samfunnsdelen

Frå: Årdalsnett AS

Dato: 20.05.2025

Innspel: Digital infrastruktur som berebjelke for samfunnsutvikling og beredskap i Vang kommune

Årdalsnett AS viser til planforslaget for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025–2040 og ønskjer med dette å komme med innspel knytt til behovet for styrking og synleggjering av digital infrastruktur som ein grunnleggande føresetnad for berekraftig samfunnsutvikling, beredskap og næringsvekst i Vang kommune.

1. Situasjon og rolle

Årdalsnett AS er ein regional aktør som leverer TV- og internettenester til fleire kommunar i Indre Sogn og Valdres. I Vang er Årdalsnett i dag einaste leverandør av breibandstenester i området rundt Tyin og Filefjell, som er eit viktig reiselivsområde og hytteområde med sterkt vekst.

2. Behov for forankring i kommuneplanen

Vi meiner det er viktig at digital infrastruktur får ei tydeligare forankring i samfunnsdelen, både som ein del av den tekniske infrastrukturen og som ein grunnleggjande innsatsfaktor for:

- **Framtidsretta kommunale tenester** (jf. målsetjing på s. 10): Tilgang på stabilt og raskt internett er ein føresetnad for digitalisering av tenester, effektiv drift, heimebaserte helsetenester og velferdsteknologi.
- **Samfunnstryggleik og beredskap** (s. 9): Fjellområdet rundt Tyin/Filefjell er eit område med potensielle risikoar knytt til skred og uver. Stabil kommunikasjon er avgjerande for å varsle og koordinere ved kriser, og for å sikre tryggleik for fastbuande, hytteeigarar og besökande.



årdalsnett

- **Reiseliv og næringsutvikling** (s. 12–14): I Tyin/Filefjell-området aukar etterspørselet etter moderne tilknyting for både fritidsbustader og servicenæringer. Digital infrastruktur er ein kritisk suksessfaktor for å vidareutvikle området som heilårs reisemål.
- **Attraktivitet og busetjing:** Fastbuande og nye innbyggjarar forventar høg digital standard – særleg for å kunne kombinere liv i distrikta med digitale arbeidsplassar ("remote work").

3. Konkrete forslag

Vi føreslår at Vang kommune i den vidare planprosessen:

- Innarbeider digital infrastruktur som ein prioritert innsatsfaktor under avsnitt om teknisk infrastruktur og framtidsretta kommunale tenester.
- Sikrar at område som Tyin/Filefjell vert inkludert i strategiar for robust og framtidsretta digital dekning, og at dette vert sett som ein viktig del av planlagt arealbruk og næringsstrategi.
- Tek med digital infrastruktur som ein del av vurderingsgrunnlaget for beredskap, bustadutvikling og reiseliv.
- Opnar for samarbeid med private leverandørar som Årdalsnett i vidare utvikling av breibandstilbod og tenester i utsette eller veksande område.

4. Samarbeid

Årdalsnett stiller seg positive til vidare samarbeid med Vang kommune om utvikling av digital infrastruktur og tenester som styrkar lokalsamfunnet, beredskapen og næringslivet.

Ynskjer Vang Kommune lukke til i arbeidet med kommuneplanen.

Med venleg helsing

Thomas Moen Klingenbergs

Dagleg leiar

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Thomas Moen Klingenbergs".

Årdalsnett AS



TYINKRYSSET HYTTEVEL

org.nr. 920 729 258

v/ leiar Tord Moltumyr, Kringstølen 2B, 5124 Morvik

tordmolt@online.no tlf. 951185

Du finn oss på internett: <https://tyinkryssethyttevel.no>

Til: Vang kommune

HØYRINGSUTTALE – KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2025-2040

Tyinkrysset hyttevel organiserer 113 hytteeigarar ved Tyinkrysset (Andstorfeltet). Vi meiner at utviklinga av Tyin/Filefjell som reiselivsdestinasjon bør få ein meir sentral plass i planen.

Vi støtter kulepunktet om at Vang kommune vil vidareføre satsing på konsentrert utbygging på Tyinkrysset innafor regulerte areal. Vi støtter og at det er fokus på naturmangfoldet.

Slik vi ser det vil ei kontrollert utbygging ha positive ringverknadar for både fastbuande, hyttefolk og næringsliv.

Vang kommune skal vere ein god kommune å bu i. Vang kommune skal og vere ein god kommune å besøke.

Med helsing
Tyinkrysset Hyttevel

Tord Moltumyr (sign)

Styreleiar



Vang kommune
Tyinvegen 5161
2975 VANG I VALDRES

Dato: 20.05.2025
Vår ref: 24/00776-4
Dykkar ref: BRYCAR -23/213 -31

Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2025–2040 for Vang kommune

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 20. mars 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemrd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Om saka

Vang kommune har sendt forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025-2040 ut på høyring.

Fråsegn fra DMF

DMF synar til vårt fråsegn til oppstart av planarbeidet datert 08.04.2024. Vi kan ikkje sjå at mineralressursar er omtala i forslaget til samfunnsdelen. Når dette ikkje er omtala blir det ikkje tydeleg kva for overordna føringar og prioriteringar som skal ligge til grunn for kommunens forvaltning av mineralske ressursar. Kommunen bør vurdere korleis areal med mineralressursar og område med masseuttak skal forvaltast, slik at det blir lagt overordna føringar før revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging trekker fram gjenbruk av overskotsmassar som eit viktig steg mot ein sirkulærøkonomisk bygg- og anleggsbransje. Større utbyggingsprosjekt, som opparbeiding av næringsareal, er eksemplar på utbygging som kan medføre overskotsmassar som kan nyttas til samfunnsviktige føremål framfor å leggast i permanent deponi. Dette er relevant inn mot kommunens arbeid med bærekraftsmål nr.12.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig



verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Kristine Bye
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Bye*

Mottakarar:

Vang kommune

Tyinvegen 5161

2975 VANG I VALDRES

Kopi til:



Statens vegvesen

VANG KOMMUNE
Tyinvegen 5161

2975 VANG I VALDRES

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Transport og samfunn Astrid Kristiansen / 97197063 25/91307-2 23/213 -31 20.05.2025

Uttale til høyring av kommuneplan 2025 – 2040 samfunnssdelen

Vi viser til høyringa datert 28.03.2025.

Saken gjeld

Formålet med planarbeidet er å utarbeide ein langsiktig plan for korleis kommunen og lokalsamfunnet skal utvikle seg i dei komande åra. Planen inneholder ein langsiktig arealstrategi som legg føringer for utvikling av kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen sine hovudmål er:

- Vang skal vere eit inkluderande, trygt og mangfaldig lokalsamfunn
- Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv
- Ta vare på det særskilte ved Vang

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegenormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretakne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem i 2050.

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet innebefatter eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivaretakne i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Industrigata 1
2619 LILLEHAMMER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre innspel til kommuneplanens samfunnsdel

Statens vegvesen sine viktigaste innspel til samfunnsdelen er å peike på kor viktig det er å tenke samordna areal- og transportplanlegging. Dette gjeld også for samfunnsplanen da denne dannar grunnlag for alle andre kommunale planar, særleg kommuneplanen sin arealdel.

Vang kommune står overfor store utfordringar i åra som kjem med fleire eldre og færre yngre innbyggjarar, og med ei forventa auke av befolkning i ikkje-arbeidsfør alder fram mot 2050.

For å skape arbeidsplassar i Vang viser kommunen til at mellom anna eit variert næringsliv er viktig for å skape arbeidsplassar som genererer inntekter og bidreg til lokal samfunnsutvikling. For å rekruttere og behalde innbyggjarar vil kommunen sikre gode og attraktive buminilø for alle i kommunen.

Område for bustadbygging:

I arealstrategien går det fram at kommunen vil vidareutvikle dei to tettstadene Vang og Ryfoss sentrum med varierte bustader, tenesteyting, trygge møteplassar og nærliek til kollektivtilbod. Dette byggjer opp om dei statlege planretningslinene for arealbruk og mobilitet. Eit av måla i Nasjonal transportplan (NTP) 2025–2036 er å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren. Dette kan gjerast ved å planlegge for eit samfunn der gåing, sykling og kollektivtransport kan erstatte nokre av bilreisene. Sjølv om det er naudsynt med bil på lengre turar der ein ikkje kan nytte kollektivtransport, er gåing og sykling eit godt alternativ på de korte turane. Aktiv transport er også viktig i eit folkehelseperspektiv.

Kommunen vil framleis tillate spreidd bustadbygging i glandene. I gjeldande kommuneplan er det avsett fleire område for spreidd bustadbygging, og vi meiner ein må sjå om desse er take i bruk før ein legg til nye område. Vi er einig i at ei kommune som Vang må ta vare på moglegheita av å bu spreidd, men vi meiner først og fremst at dette må knytast til bustader i landbruket og eksisterande spreidd busetnad. Ny bustadbygging bør først og fremst skje i tettstadane og glandene. Vi viser elles til Kommunaldepartementet sin rettleiar for *Planlegging for spredt bolig- fritids- og næringsbebyggelse i landbruks- frilufts- og reindriftsområder* (2020).

Kommunen viser til at det må takast særleg omsyn til trafikktryggleik i arealplanlegginga, noko vil er einige i. Vi kan ikkje sjå at revisjon av Kommunedelplan for trafikktryggleik 2015 – 2017 er fullført, men i utgått kommunedelplan viser kommunen til fokusområde for å ivareta trafikktryggleik på skuleveg. Skulevegen mellom heim og busshaldeplass for elevar som treng skuleskyss må vere trafikksikker, og dette legg føringar for arealplanlegginga.

Fritidsbustader:

Vang kommune er ei reiselivskommune med gode mogleheter for fjell- og naturopplevingar. Det er satsa på konsentrert utbygging i området rundt Tyinkrysset, noko kommune vil vidareføre. I vidare arbeid viser kommunen til at hyttebygging andre stader i kommune skal kome i tilknyting til allereie utbygde områder. Ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel må ein då vurdere om område som er avsett til fritidsbusetnad men ikkje er teke i bruk skal vidareførast og vurdere om ny områder skal leggast inn.

Konklusjon:

Vi syns Vang kommune har gode intensjonar i samfunnsplanen som handlar om samordna areal- og transportplanlegging. Kommunen skal gjennom sin arealbruk bidra til å sikra naturmangfold, kulturmiljø og vareta levande kulturlandskap. Vidare skal kommunen gjenbruke og finne nye bruksområde i allereie utbygde områder framfor å bygge ut ubebygde areal. Dette er grep som må følgjast opp i kommuneplanen sin arealdel og andre arealplanar, og som vil legge grunnlag for kommunen sitt vidare arbeid mot ei attraktiv og god kommune å bu i.

Statens vegvesen, Transport og samfunn
Med helsing

Kurt Gjerstad
Fung. seksjonssjef

Astrid Kristiansen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
INNLANDET FYLKESKOMMUNE, Postboks 4404 Bedriftssenteret, 2325 HAMAR
STATSFORVALTEREN I INNLANDET, Postboks 987, 2604 LILLEHAMMER

VANG KOMMUNE
Tyinvegen 5161

2975 VANG I VALDRES

Vår dato: 16.05.2025

Vår ref.: 202403940-5 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.: BRYCAR -23/213-31

Saksbehandler: Tormod Hagerup/

22959915/torg@nve.no

NVEs uttalelse - Offentlig ettersyn - Kommuneplanen sin samfunnsdel for 2025 - 2040 - Vang kommune

Vi viser til brev datert 31.03.2025. Saken gjelder offentlig ettersyn av kommuneplanens samfunnsdel 2025-2040 for Vang kommune.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormyndighet med innsigelseskompetanse innenfor saksområdene flom-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knyttet til vassdrag og grunnvann, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å bistå kommunene med å forebygge skader fra overvann gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og veiledning om hvordan nasjonale og vesentlige regionale interesser innen disse saksområdene skal tas hensyn til ved utarbeiding av arealplaner etter plan- og bygningsloven (tbl.).

Rammer for våre forvaltningsoppgaver etter pbl. kommer frem i NVE Veileder 2/2017: Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging: grunnlag for innsigelse.

NVEs innspill

Kommuneplanens samfunnsdel gir retning for utvikling av Vang-samfunnet. Dere har definert hvilke satsingsområder kommunestyret ønsker å prioritere i valgperioden. Planen inneholder fire satsingsområder:

- Inkluderende, trygt og mangfoldig lokalsamfunn
- Vang skal ha et variert og innovativt næringsliv
- Ta vare på det særskilte ved Vang
- Vang skal ha fremtidsrettede kommunale tjenester



Vi har **faglig råd** om at tilstrekkelig sikkerhet mot naturfarer som flom, skred og overvann blir omtalt i samfunnssdelen. God arealplanlegging, kartlegging og sikring er den beste måten å forebygge skadepotensialet av flom og skred. Det er viktig at kommunen har god kunnskap om områder som er sårbar for flom og skred, og at dere har gode lokale beredskapsplaner.

I arealstrategien vektlegger dere sentrums- og bostedsstrategi, fjell- og naturstrategi samt næringsutvikling.

For utredning av naturfare viser vi til

- [NVEs retningslinjer 2/2011 Flaum og skredfare i arealplanar](#)
- [NVE Veileder 3/2022: Sikkerhet mot flom. Utredning av flomfare i reguleringsplan og byggesak](#)
- [NVEs veileder 3/2015 Flaumfare langs bekker](#)
- [NVEs veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#)
- [NVEs veileder Utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng](#)
- [NVEs veileder 4/22 Rettleiar for handteringa av overvatn i arealplanar](#)

Kommunen bør vurdere om det er areal avsatt til boliger og fritidsboliger i arealdelen som ikke er egnet for utbygging som følge av naturfare og klimaendringer. NVE oppfordrer kommunen til å vurdere hvilke tidligere vedtatte arealplaner som med dagens kunnskap om klimaendringer, naturfare og vassdragsmiljø ikke ville blitt godkjent for utbygging. Kommunen bør ta stilling til om disse tidligere vedtatte arealplanene bør oppheves eller endres.

Verna vassdrag

Det er fire verna vassdrag i kommunen: [012/28 Otrøelva](#), [012/27 Rudøla](#), [012/24 Norde Syndin og Helin](#) samt [012/25 Skakadalsåni](#)

Mer informasjon om vassdragene, herunder vernegrunnlaget, finner dere ved å klikke på lenkene til hvert vassdrag.

[De rikspolitiske retningslinjene](#) for verna vassdrag skal legges til grunn når kommunen skal fastsette bestemmelser til planen innenfor verneområdene. Tiltak må ikke komme i konflikt med vernegrunnlaget for vassdraget.

Energianlegg og energibruk

I [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#) ([regieringen.no](#)) er det flere forventninger knyttet til klima og energi. Blant annet skal kommunene legge til rette for mer fornybar energiproduksjon, særlig i områder med kraftkrevende næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom mer fornybar energi og miljøhensyn (forventning nr. 32). Tilgang på kraft og tilhørende infrastruktur er en premiss for planarbeid tilknyttet etablering av nye næringsareal.



NVE oppfordrer kommunene til å vurdere hvordan kommunalt planarbeid kan legge til rette for:

- Ny fornybar kraftproduksjon
- Samlokalisering av virksomhet med overskuddsvarme med aktivitet som har behov for varme
- Effektiv energibruk i bygninger og andre sektorer

Mer informasjon

På vår nettside for [arealplanlegging](#) ligger [kartbasert veileder for kommuneplanenes arealdel](#) og [kartbasert veileder for reguleringsplan](#). Vi viser også til nytt [aktsomhetskart for snøskred 2023](#). Dette har en ny og bedre modellering, og er landsdekkende.

På nettsiden [NVEs naturfarewebinar](#) finner dere webinar om naturfare og hvordan naturfare kan ivaretas i planarbeid.

Kommunen kan søke NVE om [økonomisk støtte](#) til kartlegging og sikring mot naturfare, samt miljøtiltak for forringede vassdrag. Støtten til kartlegging og sikring gjelder områder der det i dag finnes eksisterende bebyggelse.

Nettsiden [Enkel planlegging](#) gir god veiledning til strategisk kommuneplanlegging for distriktskommuner, inkludert «planvask»: [Ofte stilte spørsmål | Enkel planlegging \(distriktssenteret.no\)](#)

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon hvis dere har spørsmål om NVEs saksområder.

Med hilsen

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Tormod Hagerup
Seniorrådgiver

Dokumentet blir sendt uten underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Mottakere:
VANG KOMMUNE

Kopimottakere:
STATSFORVALTEREN I INNLANDET



Tyinvegen 5161

2975 VANG I VALDRES

Dykkar ref:
BRYCAR 2023/213 - 31

Vår ref:
2025/9678-2

Dato:
06.05.2025

Ellen Klaveness, strategisk planlegging og samordning
Magnhild Apeland, Kulturarv/Bygg og landskap
Øystein R. Andersen, Kulturarv/arkeologi
Ane Dorthea Lundberg Nordlie, klima, miljø og
naturmangfold
Nils Håvar Høgset, kommunal rettleiing og plan

Svar - Høyring av kommuneplan 2025-40 samfunnsdelen - Vang kommune

Me syner til oversending frå Vang kommune dagsett 28.03.25. Saka gjeld høyring av kommuneplanens samfunnsdel.

Bakgrunn

Vang kommune har utarbeidd forslag til samfunnsplan. Prosessen er forankra i felles kommunal planstrategi og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel. Innlandet fylkeskommune sendte innspel den 17.04.2024. Innspela vart i stor grad teke til følgje ifølge merknadsdokumentet. Planprogrammet vart vedteke i Vang kommunestyre 13.06.2024.

Fylkeskommunen si rolle

Vår fråsegn er grunngjeve ut frå vårt rettleiingsansvar (tbl. § 3-2) og samfunnsutviklarrolla vår med ansvar for å bidra til ei heilskapleg og ønskt utvikling gjennom planlegging i Innlandet fylke, samtidig som me også skal vareta vårt faglege ansvar som styresmakt på utvalde område. Dette omfattar både nasjonale og regionale mål og omsyn på område som; kulturarv, samferdsel, trafikktryggleik, kollektiv, gåing og sykling, samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (SBATP), stadutvikling, friluftsliv, interessene til barn og unge, vilt, villrein, vassmiljø, ferskvassfisk og universell utforming.

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar som veigeigar og forvaltar av fylkesvegane i Innlandet, samtidig som me også skal forvalta eigedommar i kraft av å vera grunneigar.

Fylkeskommunen sine innspel

Fylkeskommunen meiner at Vang kommune har lagt ein heilskapleg og god samfunnsplan som er oversikteleg og konkret. Planen legg opp til ei rekke mål med prioriteringar under kvart mål. Desse kan også kallast delmål, men det viktigaste er at dei legg tydelege føringar for, m.a. arealbruk og prioriteringar i kommunen. Den langsiktige arealstrategien samfunnsdelen legg opp til, gjer planen til eit godt styringsverktøy og gir gode føringar for arealdelen. Strategiane er gode med omsyn til berekraft, og vi håpar dei vil følgjast opp aktivt i arealdelen. Om så, ligg det gode føringar for framtidig berekraftig forvaltning av kommunens arealressursar.

Vi stiller oss svært positive til Vang kommunes innarbeiding av berekraftige prinsipp i samfunnsplanen. Planen er likevel lite spesifikk om korleis Agenda 2030 og FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn. De kan vurdera å jobbe noko med korleis berekraftsmåla påverkar, og påverkast av, samfunnsplanens hovud- og delmål samt arealstrategien. De kan også velje kva for nokre berekraftsmål de ønsker å rette størst innsats mot.

Planen peiker både på moglegheiter og også sentrale utfordringar når det gjeld utvikling av næring, landbruk og reiseliv i Vang kommune. Dette er gjenspeglia på ein god måte i mål og prioriteringar. Det er positivt at kommunen ser det som viktig å samarbeide med andre kommunar og regionar, noko som også er viktig når det gjeld næringsområdet.

Kulturarv

Kulturmiljø, som ein del av ei mangfaldig historieforteljing, kan vere ein viktig ressurs i arbeidet med integrering og inkludering. Kulturarven kan vere ein positiv ressurs innan folkehelsearbeid, i det å skape tilhørsle og hindre utanforskning.

Å sikre naturmangfold, kulturmiljø og eit levande kulturlandskap samt ivaretaking av lokal kulturarv og byggjeskikk er begge lista opp som hovudmål i samfunnsdelen. Fylkeskommunen ser dette som positivt og støttar kommunen sitt syn i at dette er viktig for å ivareta kommunen sin eigenart. Samfunnsdelen har også eit søkelys på berekraft og klimautfordringar. Vi vil i den samanheng minne om fylkeskommunen sitt prosjekt *Bevar bygg, bevar klima (2020)*. Ombruk og gjenbruk av eksisterande bygningar er eit viktig steg i arbeidet med å få ned klimagassutsleppa.

Under langsiktige arealstrategiar skriv kommunen at dei ønsker å vere restriktive til hyttebygging i stølsområde og til frådeling av stølshus. Dette for å ivareta landbruksdrift og sikre kulturmiljøa i stølslandskapet. Fylkeskommunen ser dette som positivt. Kommunen ønsker også å satse på ei konsentrert utbygging innanfor regulerte område på Tyinkrysset. Fylkeskommunen meiner det kan vere fruktbart å sjå på dette i eit besøksforvaltningsperspektiv. For nærmere detaljar rundt besøksforvaltning og andre innspel til samfunnsdelen, viser vi til vår uttale til varsel om oppstart av 17.04.2024.

Det er positivt at kommunen ønsker å jobbe med beredskap, ROS-analyser og klimatilpassing. De viktigaste kulturverdiane bør innarbeidast i kommunens beredskapsplanar og i arbeidet med klimatilpassing. Kulturavdelinga i fylkeskommunen kan hjelpe i arbeidet og vil i nært samarbeid med kommunane i 2025 starte arbeidet med å utarbeide en Beredskapsplan for å sikre Innlandets kulturverdiar. I denne anledning kan vi tipse om aktuelle rettleiarar:

- [Riksantikvarens metodeveileder for risiko- og sårbarhetsanalyse av kulturmiljø](#)
- [NIKUs veileder i sikring, beredskap og krisehåndtering for historiske bygninger og kulturmiljøer](#)

Klima, miljø og naturmangfold

Naturmangfold

Vi vil rose kommunen for å setje fokus på arealendringar som årsak til tap av naturmangfold. Vidare at arealstrategien skildrar omfang og lokalisering av hyttebygging, omsyn til arter og naturtypar, og bruk av arealrekneskap som verktøy. Valde strategiar er i tråd med nasjonale forventningar, og det er særleg positivt at det også inngår at levekåra bør betrast for trua naturtypar og ansvarsarter.

Klima

Prioriteringa til kommunen av arealbruk som skal sikra natur- og kulturmiljø og kulturlandskap vil også vera bra for å bremsa eller hindra klimagassutslepp. Artsrike område, skog og myr og aktiv bruk av utmark til beite er også viktige for å hindra karbonlekkasje og for å halda oppe eller auka areals karbonlagring.

Arbeidet med Nasjonal klimasårbarheitsanalyse er i gang, og arbeidde med klimasårbarheitsanalyse for Innlandet kjem til å starta snart. Den regionale analysen kan bidra til å gi kommunen auka oversikt over relevant klimarelatert risiko og sårbarheit.

Vassmiljø

Fylkeskommunen vil også rose kommunen for å påpeike viktigheita av vassdrag og godt vassmiljø i samfunnssdelen. Nesten 80% av vatnet i Vang kommune har i dag god økologisk tilstand eller godt økologisk potensial, og utgjer eit viktig verdigrunnlag for kommunen. Det er viktig at vatn med god vasskvalitet ikkje blir negativt påverka, og at det jobbast med forbetring av vasskvaliteten der han ikkje er tilfredsstillande. Vi vil minne om at det gjennom de regionale vassforvaltningsplanane er vedtatt miljømål for alle sjøar, elver og bekker. For å sikre berekraftig bruk av vassressursane og eit godt vassmiljø må dei vedtekne miljømåla leggjast til grunn for kommunens arbeid på alle nivå.

Folkehelse

Kommunen har eit grundig oversiktsdokument, som gir ei omfattande og god innføring i samanhengane mellom samfunnsutvikling og folkehelse. Hovudbodskapen i folkehelseoversikta er samanfatta i tre punkt. Det eine handlar om befolkningsretta tiltak som kan gi auka fysisk aktivitet, god psykisk helse, betre livskvalitet og trivsel. Den andre er tiltak som skaper sosial utjamning, aktivitet, inkludering og trivsel for særleg sårbare grupper. Det siste punktet handlar om å påverka åferd som har stor helseeffekt slik som kosthald og røyking.

Samfunnssdelen bygger opp under desse punkta, og me ønskjer her å framheva viktigheita av tiltak som styrker fellesskap og inkludering på tvers av aldersgrupper, sosiale skilje og bakgrunn. Arealstrategien kan være tydeleg på å utvikle ikkje berre trygge møteplassar, men også møteplassar som er aldersvennelege, attraktive for alle aldrar og som utviklast med høg grad av medverknad frå innbyggjarane.

Oppsummering

Det kan gjerast nokre mindre justeringar i planen før sluttvedtak, men det heilskaplege inntrykket er godt. Arealstrategien legg målsettingar for berekraftig arealbruk som vi håpar følgjast opp i arealdelen. Vi stiller oss positive til planforslaget og vil rose dykk for eitt ryddig og oversikteleg dokument.

Med vennleg helsing

Kristin Ryen Reithaug
Seksjonssjef, plan

Ellen C. R. Klaveness
Rådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Vedlegg:

1. Saksframlegg – Høyringssvar til planforslag – kommuneplanen sin samfunnssdel
2025-40 Vang kommune
2. Saksprotokoll

Kopi til:

Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Innlandet

Fylkesutvalgets behandling av sak 60/2025 i møte den 20.05.2025:

Vedtak:

1. Fylkesutvalet ser at Vang kommune har lagt ein heilskapleg og god samfunnsplan som er oversikteleg og konkret. Den langsiktige arealstrategien som samfunnssdelen legg opp til, gjer planen til eit godt styringsverktøy og gir gode føringar for arealdelen, og kan være tydeleg på å utvikle ikkje berre trygge møteplassar, men også møteplassar som er aldersvennelege og attraktive for alle aldrar
2. Fylkesutvalet vil rose Vang kommune for å ha arbeidd godt med berekraftige prinsipp i heile samfunnsplanen. Det er positivt at kommunen ønsker å jobbe med beredskap, ROS-analyser og klimatilpassing. De viktigaste kulturverdiane bør innarbeidast i kommunens beredskapsplanar og i arbeidet med klimatilpassing
3. Fylkesutvalet gir elles si tilslutning til det vedlagde høyringssvaret.

Behandling:

Innstillinga frå fylkeskommunedirektøren vart einstemmig vedteken.

Arkivreferanse: 2024/6782-7
Arkivkode: 141
Saksbehandlar: Ellen Klaveness
Adm. eining: Samfunnsutvikling - Strategisk planlegging og samordning
Dato: 12.05.2025

Utval	Møtedato	Saksnummer
Fylkesutvalet	20.05.2025	

Høyringssvar til planforslag – kommuneplanen sin samfunnsdel 2025-40 Vang kommune

Fylkeskommunedirektørens innstilling til vedtak:

1. Fylkesutvalet ser at Vang kommune har lagt ein heilskapleg og god samfunnsplan som er oversikteleg og konkret. Den langsigtige arealstrategien som samfunnsdelen legg opp til, gjer planen til eit godt styringsverktøy og gir gode føringar for arealdelen, og kan være tydeleg på å utvikle ikkje berre trygge møteplassar, men også møteplassar som er aldersvennelege og attraktive for alle aldrar
2. Fylkesutvalet vil rose Vang kommune for å ha arbeidd godt med berekraftige prinsipp i heile samfunnsplanen. Det er positivt at kommunen ønsker å jobbe med beredskap, ROS-analyser og klimatilpassing. De viktigaste kulturverdiane bør innarbeidast i kommunens beredskapsplanar og i arbeidet med klimatilpassing
3. Fylkesutvalet gir elles si tilslutning til det vedlagde høyringssvaret.

Tron Bamrud
Fylkeskommunedirektør

Vedlegg:

1. Planforslag kommuneplan 2025-40 samfunnsdel Vang kommune
2. Svar – Høyring av kommuneplan 2025-40 samfunnsdel – Vang kommune

Bakgrunn:

Vang kommune har utarbeidd forslag til kommuneplanens samfunnsdel. Denne vart førstegangsbehandla i Vang kommunestyre 20.03.2025 og sendt til høyring og offentleg ettersyn. Innlandet fylkeskommune mottok dokumentet til høyring 28.03.2025.

Prosessen er forankra i samla communal planstrategi og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel. Innlandet fylkeskommune gav innspel til dette 17.04.2024. Frå Vang kommune sitt merknadsdokument går det fram at desse innspela i stor grad blei tatt med i planprosessen.

Fylkeskommunedirektørens vurdering av planforslaget framkommer av høyringssvaret som ligger som vedlegg til denne saka.

Vurdering opp mot FNs berekraftsmål:

Innlandet fylkeskommune sitt høyringssvar påverkar ikkje direkte FNs berekraftsmål.

Planforslaget har ambisiøse og gode målsettingar for sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, men er lite spesifikt om korleis berekraftsmåla skal leggjast til grunn i planlegginga. Det er gitt tilbakemelding om dette.

Medverking fylkeskommunale råd:

Ikkje relevant.

Generell vurdering:

Fylkeskommunedirektøren meiner Vang kommune har gjort eit godt arbeid med å lage ein heilskapleg og god samfunnsplan som er oversikteleg og konkret, og har gjennomgåande fokus på berekraft i økonomisk, sosialt og miljøperspektiv. Det er ikkje gjeve tilbakemelding om endringar av grunnleggjande art.

Fylkeskommunedirektørens vurderinger er vidare utdjupa i høyringssvaret.



Høring til samfunnsdel kommuneplan Vang Kommune fra Vang Energiverk

Bakgrunn:

Vi vil først si at dette er generelt et godt dokument for å peke ut strategien for kommunen framover. Det tar inn over seg både utfordringer og muligheter. Vang Energiverk har allikevel noen innspill i det videre arbeidet.

Bakrunnen for innspillene er at vi har investert mye de senere årene for å få et robust nett, men også på signaler om videre utvikling av fritidsboliger i Vang. Disse investeringene vil medføre økt nettleie, om det ikke fører til nye kunder. Nye kunder gjør generelt at Vang Energiverk blir mer effektive på to måter:

- a) Vi har i dag en grunnbemanning som er på et minimumsnivå i forhold til nødvendig beredskapsvakt og administrasjon. Uten nye prosjekter vil vi ha en overskuddskapasitet i forhold til behovet til kun drift og vedlikehold. Nye prosjekter muliggjør dekning av lønnskostnader i form av anleggsbidrag.
- b) Når anlegget er i drift vil flere kunder gi flere å fordele driftskostnadene på, og minke overskuddskapasiteten i drift.

Et mer effektivt nettselskap vil gi lavere nettleie til kundene i Vang.

Innspill til planen:

1. Vi leser at det er store ubygde areal bundet opp i ulike formål. Vi tror en planvask vil kunne slippe til bedre prosjekt som vi også kan ha enkel nettilgang til. En dialog mellom nettselskapet og Kommunen om tilgjengelighet for strøm kan utnytte allerede bygd infrastruktur bedre.
2. Utbygging av fritidsboliger bør framgå i dokumentet som et av flere satsningsområder og vil være et vesentlig bidrag til videreutvikling av næringsliv og arbeidsplasser i Vang. Dette vil gi positive ringvirkninger for nettselskapet i form av økt aktivitet både under bygging og senere med faste abonnenter. All utbygging bør vurderes opp mot natur og miljø-hensyn.
3. En forutsigbar utbygging over tid vil også være en fordel for Vang Energiverk, da vi tilstreber å bruke egne ressurser på all nybygging for å inneha lokal spisskompetanse på vårt eget nett. Vi er enige i at kommunen bør anse Tyinkrysset som det viktigste satsningsområdet, men kommunen bør også stille seg positiv til utbygging i andre velegnede områder, spesielt der det er mulig med utvidelser og fortetning, men også nye områder. En spredning på aktiviteten vil være fordel for Vang Energiverk da vi får mulighet til å videreutvikle nett i flere deler av kommunen og gjøre dette delvis anleggsbidragsfinansiert.

4. Vi leser også at det i fritidsmarkedet skal prioriteres leiligheter framfor hytter. Dette er positivt der plassen er liten og treffer de kundene som vil ha leiligheter, men det vil jo utelukke de potensielle fritidsbeboerne som ønsker seg en hytte. Hytter fører til mer aktivitet for energiverket i anleggsfasen og gir arbeidsplasser. I driftsfasen kan leilighetsbygg være gunstige for nettselskapet rent økonomisk, da de gir lavere driftsutgifter per enhet, men ikke tilsvarende lavere nettleie.
5. Nytt fra gjeldene samfunnsplan er at dette forslaget trekker frem utvikling av ferdig regulert næringsareal. I dette arbeidet er det viktig at Vang Energiverk blir inkludert som en aktiv part i en tidlig fase, slik at en sammen finner arealer som også har god tilgang på nett.
6. Generelt sett har forslaget lite fokus på næring. Man ønsker det variert, framtidsrettet og konkurranseedyktig og det er gode mål, men man må samtidig ivareta grunnlaget for det bestående næringsliv. Mange gode konkurransesfortrinn i Vang kan utnyttes, men de tre viktigste er nok store areal som kan utnyttes til turisme, fritid og næring, nærtheten til E-16 som kan trekke til seg næring som er avhengig av transport og ikke minst lokal tilgang på grønn kraft. All næringsutvikling vil være av det gode for Energiverket da det gir aktivitet og nye kunder. Kraftkrevende næring vil være gunstig for nettleien til øvrige kunder, men også for konsesjonskraftinntekten til Vang Kommune.
7. I nest siste avsnitt under hovedmål som omhandler næringsliv bør turisme, utvikling av fritidseiendommer og næring med stort energibehov nevnes.
8. I siste avsnitt under hovedmål om det særskilte ved Vang, kan kulepunkt 5 til 8 med fordel flyttes da dette er generelle mål som vil gjelde alle kommuner.
9. Under Fjell og naturstrategi bør det ikke settes begrensninger på lokalisering av solkraft. Som nettselskap kan slike enkeltstående anlegg være enklere å håndtere enn mange små på alle tak. Verneplan for vassdrag gir samme begrensning på effekt (1 MW) i verna vassdrag, så et eget punkt om installert effekt i verna vassdrag synes unødvendig. All utbygging bør vurderes opp mot natur og miljø-hensyn.

Vang 22/5-2025

MVH

Styre og Administrasjon | Vang Energiverk AS

Fra: Vang MDG <vang@mdg.no>
Sendt: torsdag 22. mai 2025 23:40
Til: Postmottak Vang kommune
Kopi: Erlend Eggen
Emne: Høyringsinnspel frå MDG Vang
Vedlegg: KPS_registrering-av-innspel-mdgvang.xlsx

Hei,

Takk for ein god samfunnsplan. Her kjem MDG sine høyringsinnspel. Håpar at desse finn vegen inn i den endelege planen.

Helsing Miljøpartiet dei grøne Vang

NR	Avisender	Kapittelinnt	Linjeinn	Impsjel	Status	Kommentar	Evt.1	Evt.2
1	MDG	Natur og miljømessig bærekraft		I kapitlet om naturmessig bærekraft er det kun informasjon om at vi har en står i kapittelet har derfor liten eller ingen praktisk betydning. Det ligger tydelige prinsipper til grunn for bærekraft som ikke kommer fram i kapittelet. Ivernækelse av naturressursene skal ligge til grunn for både økonomisk og sosiale bærekraft. Da må vi trenne å skrive hvordan vi tenker at det skal ske når tidshorisonten er 2040.				
2	MDG	Vang skal ha framtidssretta kommunale tjenester		MDG er redd for at ambisjonsnivået i planen på tjenestenivå blir tatt med. Resonnementet til MDG er at vi ønsker ambisjoner i tjenestene til befolkningen generelt, ikke minimumsløsninger som allerede omtales i loven. Planutkastet finner vi formuleringer innenfor helse, skole og naturforvaltning som er løvfesta. Vi ser ingen grunn til at disse skal gjentas i samfunnsplassen, men heller bruker muligheten til å sette mål som kommunen og inntyggerne kan strække seg etter.				
3	MDG	Langsiktig arealstrategi: Næringsstrategi		Vang kommune skal utvikle ein næringsstrategi som tek kunnskap om klima, natur og sosiale forhold på alvor. Målet er å vise konseil ein kan legge til rette for arbeidsplasser som ber seg over tid og som bygger på sirkulære prinsipp. Næringsstrategien må tilgjlast opp med ulike insentiv frå kommunen for å gjeia det mogleg å komma igang. Strategien må ha eit regionalt perspektiv og skal utviklast i samråd med dei andre kommunane i Valdres.				
4	MDG	Vang skal ha framtidssretta kommunale tjenester		Vang kommune skal utvikle ein arealbank som gir et til ei kvar tid har oversikt over tilgjengelege behyggde areal, kva dei kan nyttast til og kva for vedlikeholdsbehov arealet har. Arealbanken skal i førs ømgang ta føre seg areal som kan nyttast til næring og offentlege møteplassar.				
5	MDG	Langsiktig arealstrategi: Sentrum og bustad, eller nærings		Vang kommune skal ha ei aktiv og sammenhengande kultursatsing der kommunen tek til tydeleg strategisk rolle.				
6	MDG	Langsiktig arealstrategi: Sentrum og bustad		Kommunen held oversikt over kulturarv og kulturminne og tek initiativ til samarbeid for å iverksette tiltak og aktivt vedlikehald.				
7	MDG	Natur og miljømessig bærekraft		Kapitlet treng tydeleg formuleringar omkring klimakrisa og kotes kommunen skal forhilde seg til den fram mot 2040.				
8								
9								
10								
11								
12								
13								
14								
15								
16								
17								
18								
19								

Innspel til KPS Vang kommune

Frå Vang bonde- og småbrukarlag.

Vi har fylgjande innspel til planen under landbruk:

Landbruket i kommunen er särdeles viktig, som primärnäring legg den grunnlaget for både sekundär- og tertienäringar, men med eit rikt økonomisk og pengesterkt samfunn som vi har i Norge i dag er det lett å glöyme at mat- og matberedskapen med lokale produsentar er sjølve grunnpilaren, både for lokalsamfunnet i Vang og for sjølvforsyninga her til lands.

Basert på kunnskap om, og mulighet til, å produsere mat i eit evighetsperspektiv på eksisterande lokale ressursar, må landbruket ivaretakast og utviklast med gode mål for framtida:

Grunneigarrettingheitene i Vang må fortsatt stå sterkt.

Det er grunneigarane som eig og disponerer sine eigedomar og må kunne uttale seg om aktivitet over sine område som påverkar deira eigne interesser for eigdommen. Dette gjeld särleg på dyrka mark, og utmarksbeiter. Vi opplever at kunnskapen rundt aktivt landbruk og husdyr blir mindre og mindre blandt folk flest, medan hevd av allemannsrettane og ikkje følgje allemannspliktene, samt det å ta seg til rette i naturen blir meir og meir utfordrande i områder der det ferdes mykje folk og turistar. (Jmf. Allemannsretten og allemannspliktene i friluftslova.)

Omsyn til aktivt landbruk og stölsdrift.

I 2024 kom stöling på UNESCO si liste for immateriell kulturarv. At stölinga er sett opp som immaterielt betyr at det fordrar aktiv stölsdrift- det vil seie produksjon av mjölk og beitedyr. Det er altså ikkje tomme stölshus og gamle nedfaldne fjös som er det vi skal ta vare på. Det er aktiviteten, kulturen, foredlinga, og driftsformen som er verdsarvslista. Dette vil igjen tilseie at beitedyra og deira beiteområde også er det vi må ta vare på i henhold til UNESCO -statusen. Det lyt difor takast ekstra hensyn til aktive beiteområder rundt dei stölane som har produksjon i dag, samt legge til rette for at mulige stölar i framtida ikkje mister naudsynte beiteområder. Det trengs difor gode omsynssoner med tanke på hytteutbygging, infrastruktur, löyper, stigar, anna ferdsel og organisert aktivitet i stöls- og beiteområder.

Vi har då eit innspel som er inndirekte mynta til framtidig KPA om både hensyssoner i stölsområder og at beitekartlegging frå m.a. Nibio (Beitekartlegging i Valdres) må

hensynstakast slik at ikkje dei beste beiteområda i kommunen blir øydelagde for framtida.

Husdyr og beitebruk i fjell-Norge - Nibio

Beredskap med små aktive bruk.

Dette er viktigare enn nokon gong. Vang kommune må være med å legge til rette for at små-og mellomstore bruk kan vära attraktive å drive som sjölvstendige einingar også i framtida. Primär-drift og sjölvforsyning er no ei aukande trend hjå fleire og fleire i befolkninga, vi lev i ei uroleg tid, i ei verd prega både av krig og usemje.

For Vang bonde- og småbrukarlag

Ingvild Oldre Heggom, leiar.

Innspel til kommuneplan Vang kommune samfunnsdel.

Vang Bondelag

På side 8, 3 avsnitt er det ei skildring av utnytting av utmarksressursar og innmarksressursar. Dette er bra, men her lyt det inn punkt om at gjerdning må haldast i hevd.

På side 10 kulepunkt 12 om vidareføring av nullkonsesjon; har dette punktet noko før seg når dette ikkje vert fylgt opp?

På side 11 under landbruk/ teknisk er ikkje landbruket skildra i det heile teke. Her lyt det inn hovudmål for landbruk

- Sikre driftsgrunnlaget, (jord, skog, beite)
- Grunneigarretten lyt stå sterkt, kvar einskild lyt få unytte sine ressursar på best mogleg vis på ein slik måte kvar grunneigar finn det hensiktsmessig å forvalte sin eigendom.
- Gode støtteordningar, og tilrettelegging(hjelp til søking og prosjektering av tiltak, ei positiv haldning frå kommunen når ein ynskjer å få til noko på sin gard/eigendom)
- Vidare på side 13 står det «gardar i drift», kva er dette definert som i Vang Kommune? Her burde det takast teit standpunkt til kva ein gard i drift/ aktiv gard er.

Vidare på side 13 står det «gardar i drift», kva er dette definert som i Vang Kommune? Her burde det takast teit standpunkt til kva ein gard i drift/ aktiv gard er.

På side 14 under dei to siste kulepunktene saknar me at område som er godt eigna får nydyrkning vert take omsyn til, samt at beitekartlegginga som er gjort i Vang Kommune lyt liggje ved her som eit styringsverktøy. Då kan ein mellom anna unngå at ein får konflikt med til dømes hytter og beitebruk, og at dei beste beiteområda ikkje vert nytta.

Side 6 avsnitt nr 6 Seier ein at «landbruksnæringa er i stadig endring». Dette er me einige i, men dette stemmer ikkje overeins med 6. kulepunkt på side 13 der det står: «Utgangspunktet er at garden skal vere som den er» .

Landbruket har gjennom all tid vore i utvikling. I nyare tid er det teknologisk utvikling og strukturendringar ein kjänner best til. Det er fleire som investerer store summar for å få lov til å produsere trygg, rein og god mat på dei ressursane som er rundt oss. Det er store ressursar i utmarka i Vang, medan innmarksressursane er mindre. Det er viktig for dei som driv aktivt at ein kan utnytte dyrkamark best mogleg. I dag er det ein stor del av dei aktive bøndene i Vang Kommune som leiger jord for å ha nok jord til si eiga drift. I samband med investeringar i bygg aukar ofte behovet for jord.

Vang Bondelag meiner at Vang kommune lyt sjå på handlingsrommet for å legge til rette for at den aktive bonden kan kjøpe dyrkamark for å laga ei best mogleg driftseining som vil stå seg over tid. Dette vil vere ei berekraftig løysing sett økonomisk for dei aktive brukar, og gjere til att ein tek kostnadene med å halde jorda i hevd i generasjonar når ein ikkje risikerer at leigeavtala vert sagt opp. Det lyt lagast gode retningsliner for korleis ein skal vurdere saker rundt kjøp/sal av tilleggsjord, men dette er det fleire kommunar som har erfaring med og har praktisert ulike løysingar i fleire år.

Ein skal også hugse på at jord og gardar har vorte delte, slege i saman, kjøpt og seld så lengje det har vore folk her. Dette er eit tema som endrar seg i takt med tida. Med moglegheit for å kjøpe jord inn til eksisterande jordbrukseigedom, der både kjøpar og seljar er interessert i dette vil det vere med på å styrke landbruket i Vang og den aktive bonden i dag og i framtida

Frå Vang Bondelag 23.05. 2025 v/ styret

Høyringsinnspel «Kommuneplan Vang kommune samfunnsdel 2025-40»

Generelt har planen svært mange gode punkt, som til dømes at *kommunen sin arealbruk skal bidra til å sikre naturmangfald, kulturmiljøet og vareta levande kulturlandskap og tap av natur og naturmangfald skal reduserast. For trua naturtypar og ansvarsartar i kommunen, bør levekåra betrast, og også «fremje eit variert, framtidsretta og konkurransedyktig næringsliv»*, der det er fint at «variert» er med. I det ligg også nye næringar me enno ikkje veit om.

Det er også flott at kommunen tenker langsiktig. *Det er vårt ansvar å forvalte og vidareføre desse [natur-]verdiane til komande generasjonar*, står det i planen. Og det er viktig og svært rett, som planen legg opp til, at ein tenker meir enn eit 15-års perspektiv. Det langsiktige er å etterlate oss landskap og ressursar til ikkje berre neste generasjon, men mange generasjonar framover. Men det er ein vanskeleg kunst å tenkje langsiktig, i eit samfunn som skal ha ting gjort «no», så det er flott at planen legg vekt på det.

Innspel til punkt under Hovudmål

- *legge til rette for eit levande kulturliv*
- *sikre kontroll og vedlikehald av kommunal eigedom/bustad*

Ikkje berre bør ein sikre det levande kulturlivet, men også kulturminne som gravhaugar, kolgropar, gamle ferdsselsvegar, runesteinar, skålgropar og liknande for framtida. Det er så lett å ta litt her og litt der.

Det finns til dels tomme kommunale bygg, og i dei bør ein, i tillegg til å vedlikehalde, også bygge om delar av til lokale for (spontane) galleri, pop-opp-butikkar og andre kortvarige hendingar. Dette for å gje rom til næringar me enno ikkje veit om.

- *å gjere det godt å bu i Vang*
- *legge til rette for ei framtidsretta og variert arbeids- og bustadmarknad*
- *sikre gode og attraktive bumiljø for alle innbyggjarane i kommunen*

Trivsel for folk, både på jobb, men særleg i bustaden, er også kontroll på støy. Dette gjeld støy både frå næring (steinknusing, bygging over fleire år i eit område, landbruksmaskiner), og frå ulike støyande fritidsaktivitetar (snø-, vasskuter, ATV og liknande). Det er behov for tiltak/krav som avgrensar vedvarande, men også periodisk støy, for å lage gode og attraktive bumiljø.

Vidare bør Vang med så vakker natur, bevisst vidareføre det vakre også i bustad-, hytte- og næringsområde. Skjeringar i fjell er aldri vakkert, det er heller ikkje pukkstein. Så ved all arealendring, må det bli stilt estetiske krav: unngå skjeringar, dekk til pukkstein, betong, sprengingsmasse. Plant til og gjer det pent rundt oss! Generelt bør også bygg som står til nedfalls «bli gjort noko med». Alt dette for å lage gode og attraktive bumiljø i Vang.

Og sist, det bør vera eit krav i alle planar for bustad- og hytteområde at det blir sett av eit «urørt» areal. Dette skal vera ein stad ungar kan ha uorganisert leik. Dette bør vera stort nok til å bli opplevd som ein «hundremeterskog» (jmf. bökene om Ole Brumm).

Venleg helsing

Ingrid Hemsing

Innspel til kommuneplan, Samfunnsdel 2025-2040, planforslag 20.03.25 – frå Vang idrettsråd.

Kommentar: Inntrykket generelt sett, er at kulturdelen i planen er lite konkret, mens andre delar av planen er mykje meir detaljert. Korleis er «kultur» definert i kommuneplanen? Ordlyd som «levande kulturliv» gir assosiasjonar til det tradisjonelle kulturbegrepet, der kunst, musikk osv. er målgruppa (eks. kulturskulen), mens det i den breiare forståinga av kulturbegrepet også er med idrett og fysisk aktivitet.

Konkrete forslag til endringar, i nokre tilfelle kan dei erstatte eksisterande punkt

1 Kommentarer til Hovudmål «Vang skal vera eit inkluderande, trygt og mangfaldig lokalsamfunn»:

- **Vang kommune skal bidra til gode idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, stigar og løyper som stimulerer til fysisk aktivitet for alle aldersgrupper og funksjonsnivå.**
- **Kommunen skal legge til rette for fysisk aktivitet og idrett gjennom godt samarbeid med foreiningar og idrettslag.**
- **Kommunen skal prioritere frivillige lag og foreiningar, slik at disse får best mulig vilkår for å skape aktivitet.**

2 «Vang skal ha framtidsretta kommunale tenester»

- **Kommunen skal legge til rette for at barn og unge skal kunne drive med idrett og fysisk aktivitet i nærmiljøet, og leggje til rette for aktivitet både i skule barnehage.**
- **Kommunen skal prioritere idrett og fysisk aktivitet for born og unge.**

3 «Utdanning og kultur» – her står det kun om utdanning. Kvar er kultur og idrett?

Hallgrim Børhus Rogn, leiar Vang idrettsråd



Vang kommune
Tyinvegen 5161
2975 VANG I VALDRES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Solveig Hansen, 62 55 11 36

Uttale - høyring - kommuneplan - Vang - samfunnsdel 2025-2040

Vi syner til brev frå kommunen datert 28.03.2025, med høyring av samfunnsdelen til kommuneplanen for Vang.

Generelt

Arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel vart sett i gang i 2024 og følger av kommunens planstrategi for 2024–2027. Det er utarbeidd eit planprogram for arbeidet med samfunnsplanen, som vart vedteke samtidig med planstrategien i 2024.

Kommunen har sett fire hovudmål i samfunnsplanen. Desse måla er støtta av strategiar og styringsprinsipp som kommunen skal følge for å nå måla. Samfunnsplanen er òg forankra i ein visjon.

Det kjem fram at samfunnsdelen skal vere eit strategisk styringsverktøy for all politisk og administrativ verksemrd i kommuneplanperioden. Det går òg fram at konkrete tiltak og prioriteringar skal følgjast opp i økonomiplanen og gjennom kommunedelplanar, temaplanar og strategiar. Vi tolkar dette slik at økonomiplanen fungerer som handlingsdelen til samfunnsplanen. Kommunen legg med dette eit godt grunnlag for at samfunnsplanen skal bli eit eigna verktøy for styring og nødvendige prioriteringar innan kommunal verksemrd.

I det oppsummerte kunnskapsgrunnlaget skildrar kommunen sine utfordringar og moglegheiter, og det er god samanheng mellom desse og dei fire hovudmåla i planen. Vi meiner òg at det er positivt at kommunen peikar på forventningar til samarbeid med andre offentlege aktørar, næringslivet og frivilligheita. Dette meiner vi styrkjer dei underliggende målsettingane.

Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget kunne vore utdjupa med kopling til FNs berekraftsmål og med referansar til nasjonale retningsliner for kommunal og regional planlegging, samt regionale planar. Det har kome nye nasjonale og regionale føringer underveis i arbeidet med kommuneplanen, og vi forventar at planforslaget blir vurdert i lys av desse før det blir vedteke. Dei to nye planretningslinene for klima og energi, og for arealbruk og mobilitet, gir til dømes tydelege forventningar til kommunane når det gjeld oppfølging av fleire av berekraftsmåla.



Planen inneholder ikkje ei konkret skildring av korleis han skal følgjast opp. Planstrategien for 2024–2027 inneholder heller ikkje ei planoversikt for perioden. Det går fram at kommunen deltek i programmet «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel». Vi kjenner til at dette programmet legg opp til ein planstrategi i samanheng med økonomiplanen, eller ein versjon 2.0 av planstrategien etter vedtak om samfunnsdelen. Vi vil oppmøde kommunen til å ta inn ei skriftleggjering av korleis planen konkret skal følgjast opp med tiltak.

Planen inneholder ein arealstrategi, og vi meiner at inndelinga med dei ulike langsigktige arealstrategiane speglar godt kommunen sine hovudutfordringar. Det er god samanheng mellom desse og dei fire gjennomgåande måla i planen, og det er ein tydeleg kopling mellom arealstrategien og samfunnsplanen.

Faglege innspel

Økonomi

Kommunen har tidlegare hatt store overskot på netto driftsresultat, men i 2024 ser det ut til å bli underskot. I årsbudsjettet og økonomiplanen for 2025 er det budsjettert med underskot, og små overskot vidare i planperioden. Tidlegare overskot har bidrige til å styrke disposisjonsfondet.

Kommunen har dermed ein god buffer for å dekkje underskot, samtidig som det blir arbeidd med omstilling for å tilpasse driftskostnadene til inntektene. Kommuneplanens samfunnsdel er i tråd med prioriteringane i budsjett og økonomiplan for 2025–2028. Driftskostnadene til kommunen er elles høge samanlikna med andre kommunar. Eit høgare driftsnivå har vore mogleg grunna store kraftinntekter.

Oppvekst og helse

Det er positivt at kommunen har eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og ei oppdatert folkehelseoversikt. I oppfølginga av planen blir det viktig å prioritere tiltak knytt til oppfølging av desse.

I sjølve planen oppmodar vi dykk til å ta inn punkt som handlar om å kunne bevare kvaliteten og berekrafa i tenestene i kommunen i åra framover. Som vi kjenner til, vil oppgåvane auke, men det ser ikkje ut til at det blir fleire til å utføre dei. Aktuelle punkt kan vere å fremje godt arbeidsmiljø og gode arbeidsvilkår, føremålstenleg oppgåvedeling og kompetanseutvikling for å fremje ei effektiv organisering av arbeidsprosessar, samt støtte opp under arbeidet med å sikre tilgang til rett kompetanse gjennom rekruttering, kvalifisering og kompetanseheving.

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap er eitt av fire tema under kapittelet om langsigktige utfordringar og moglegheiter. Her er fleire tema omtala, mellom anna ekstremvêr, sabotasje, pandemiar og krigshandlingar. I tillegg skildrar planen transport langs E16, matforsyning og eigenberedskap som del av totalberedskapen. Fjellpartiet Skutshorn er peika ut som eit høgrisikoobjekt for fjellskred.

Under målsetjinga «Ta vare på det særskilde ved Vang» er det nemnt fire tema som gjeld samfunnstryggleik og beredskap. Dette omfattar tilpassing til klimaendringar, beredskap for



hendingar, oppdaterte planar, førebygging, eigenberedskap og prioritering av beredskapsarbeidet. Vi understrekar at den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen til kommunen er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens samfunnssdel. Generelt vil vi understreke at funn i denne analysen er viktige for utarbeidning av langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet. I dette arbeidet må kommunen også vurdere konsekvensane av krigshandlingar, andre hendingar i øvre del av krisespekteret, og kva betydning dette har for kommuneplanens samfunnssdel.

Miljø, klima og energi

Noreg skal omstilla til eit lågutsleppssamfunn, og vi skal ha ein effektiv og fleksibel energibruk basert på fornybar energi. Dette krev innsats på tvers av sektorar, der kommunen har viktige roller. Kommuneplanen sin samfunnssdel er eigna og sentral for strategiske retningsval i dette arbeidet. Omstillinga til lågutslepp er utfordrande, men gir også moglegheiter for nye næringar, effektivisering, helsegevinstar, og mindre støy og forureining.

I desember 2024 kom det nye statlege planretningslinjer (SPR) for klima og energi og for arealbruk og mobilitet. I SPR for klima og energi står det at kommunen i si samfunnssplanlegging skal innarbeide ambisiøse og konkrete mål, tiltak og verkemiddel for klimaomstilling og effektiv og fleksibel energibruk. Dette er delvis følg opp i høyringsforslaget, men kan med fordel konkretiserast noko meir. Måla skal knytast til konkrete tiltak og innarbeidast i styringsdokument som vert reviderte jamleg. Vidare skal kommunane bruke si rolle som samfunnsutviklar til å aktivt legge til rette for at også næringsliv og innbyggjarar kuttar sine utslepp, sin energibruk og omstiller seg til lågutsleppssamfunnet og ein sirkulær økonomi. Vi oppmodar kommunen til å gå nærmare inn på dette i samfunnssdelen, mellom anna i føringar og mål for strategiar innan næringsutvikling. Når det gjeld arealstrategien knytt til samfunnssdelen, viser vi også til kapittel 3 og 4.3 i den nye SPR-en for klima og energi.

I delkapitla «Natur og miljøfagleg berekraft» og «Samfunnstryggleik og beredskap» i utfordringsbiletet ber vi om at status innan klimaendringar, klimagassutslepp og energi også vert skildra meir enn det som er gjort i forslaget. Når det gjeld klimaendringar, skal kommuneplanen sin samfunnssdel inkludere ei overordna vurdering av om klimaendringar vil påverke langsiktige utfordringar, mål og strategiar. I kommuneplanens samfunns- og handlingsdel, samt andre relevante planar, bør kommunen – basert på lokale forhold – vurdere i kva grad endringar i klima kan påverke mellom anna samfunnstryggleik, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, folkehelsa og føresetnader for næringsliv, og korleis dette skal følgjast opp.

Arealstrategi

I desember 2024 vart dei to statlege planretningslinjene for klima og energi og for arealbruk og mobilitet vedtekne. Desse retningslinjene skal sikre at kommunar og fylkeskommunar arbeider systematisk med klimautfordringar og berekraftig arealbruk. Dei nye retningslinjene gir tydelegare føringar for planlegging etter plan- og bygningslova og skal bidra til at Noreg når klimamåla sine.

Vi kjenner att fleire av punkta frå dei statlege planretningslinjene i høyringsutkastet til Vang kommune sin samfunnssdel, men vi hadde gjerne sett at det var meir fokus på desse temaet i planen.



Sentrums- og bustadstrategi

Slik vi forstår denne strategien, ønskjer Vang kommune å satse på dei to sentrumsområda Vang og Ryfoss. Ut over dette vil kommunen også tillate spreidd bustadbygging i dei ulike grendene når det elles ikkje finst aktuelle tomter i grenda. Vi ser positivt på punktet om krav til å vurdere om det finst alternative tomter i grenda. Vi ser ofte at det finst regulerte bustadtomter i ei bygd, samtidig som det blir søkt om frådeling til bustad like i nærleiken. Denne presiseringa vil på ein god måte støtte opp om dei areala som allereie er sett av til utbygging.

Det er kanskje klart for administrasjonen og politikarane i kommunen kva for grender det er snakk om (ut over Vang og Ryfoss), men desse grendene kan med fordel listast opp i planen. Det kan også vere lurt å gjere greie for kva haldning kommunen har til spreidd bustadbygging utanfor dei aktuelle grendene.

Vidare ber vi om at det blir vurdert om universell utforming og tilgjengelege bustader skal takast inn i strategien.

Fjell- og naturstrategi

I dette avsnittet ønskjer kommunen å styre hyttebygging og etablering av fritidsbustader i kommunen. Det er positivt at det blir satsa på Tyinkrysset, sjølv om kommunen også opnar for at det kan tillatast utbygging i andre område.

Vi lurer i denne samanhengen på om det vil vere krav om felles/offentleg veg, vatn og avløp. På side 13 står det: «Hyttebygging andre stader i kommunen skal kome i tilknyting til allereie utbygde område. Det kan tillatast noko vidare utvikling ved naturleg fortetting.»

Vi lurer på om dette er meint som eit «enten eller», eller «både og». Dersom første setning betyr at eksisterande hytteområde kan utvidast, kan det vere hensiktsmessig med nokre føringar knytt til dette, då vi i andre kommunar har sett at tolkinga av dette kan strekkast langt.

Kommunen peikar på at arealplanlegginga skal ta omsyn til viktige naturtypar og artar. Dette er positivt, men i mange saker ser vi at kunnskapsgrunnlaget er svakt. Vi vil difor oppmøde Vang kommune til å signalisere allereie i samfunnssdelen at det vil stilt krav om kartlegging av naturen i område der det ikkje allereie finst eit godt kunnskapsgrunnlag.

I denne strategien står det også at produksjon av solenergi bør skje på eksisterande infrastruktur. Her vil vi stille spørsmål ved om kommunen bør vere litt meir offensiv, og til dømes krevje at dette blir vurdert i samband med utbygging av større næringsareal eller andre større bygg eller areal. Dette vil vere i tråd med dei statlege planretningslinjene for klima og energi som vi har nemnt tidlegare i vår uttale.

Som siste punkt i denne strategien skriv kommunen at vassdrag som er verna gjennom Verneplan for vassdrag i kommunen, ikkje skal byggjast ut med installert effekt over 1 MW. Vi stiller spørsmål ved korleis dette målet er sett, og kva det skal ta vare på. Vi vil tru at konsekvens og utforming vil vere viktigare enn effekt, men her kan det hende vi tek feil.



Næringsstrategi

I dette avsnittet skriv Vang kommune at dei vil vere restriktive med nedbygging av dyrka mark. Dersom det ligg føre store samfunnsinteresser, utan fullgode alternativ til å byggje ned dyrka mark, skal ein søkje å finne erstatningsjord gjennom nydyrkning. Dette er i tråd med nasjonale føringer, og vi meiner det allereie her i samfunnsdelen bør signaliserast at det vil bli stilt krav om matjordplan dersom det – trass ei restriktiv haldning – blir naudsynt å ta i bruk dyrka mark.

Vi ønsker kommunen lykke til med det vidare planarbeidet

Med helsing


Anne Kathrine Fossum (e.f.)
kommunal- og samordningsdirektør

Solveig Hansen
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune	Pb. 4404	2325	HAMAR
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDAL
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO



**Innspel til Kommuneplanens Samfunnsdel
frå Vang Utvikling**

21. mai 2025

1. Bakgrunn

Vang Utvikling har per dags dato 42 medlemmar som representerer ei stor breidde av næringslivet i Vang, med hovudvekt av aktørar innanfor bransjene reiseliv/opplevelingar, handel, bygg og anlegg, lokalmat og IT.

Vårt innspele er basert på tilbakemeldingar frå våre medlemmar, som har drøfta planutkastet i eit felles arbeidsmøte, samt gjeve innspele per e-post.

Som representantar for ein stor del av næringslivet i Vang ønskjer vi å bidra til ein offensiv og framtidsretta samfunnsdel, som syner vilje og retning for kva grep vi i Vang skal gjere for å sikre eit levedyktig lokalsamfunn også inn i framtida. Planen må fremje føreseielelegheit, stimulere til verdiskaping og styrke samarbeidet mellom kommune og næringsliv.

Vi ynskjer ein samfunnsdel som:

- er eit verktøy for målretta utvikling
- syner aktive grep for å sikre ei positiv demografiutvikling
- gjev retning og viser ambisjonar for berekraftig nærings- og destinasjonsutvikling
- ivaretak eksisterande næringsliv, og legg til rette for nye næringar
- koplar samfunnsmål med konkrete tiltak

Det føreliggande planutkastet framstår etter vårt syn som lite ambisiøst, er prega av begrensningar og gjentakingar, og manglar konkrete løysingar som våre medlemmar blir motivert av og kjenner seg att i. Vi håpar difor at dette innspelet blir nytta til å gjere planen meir konkret i ein retning som gjev klårare rammer og kurs også for næringslivet i Vang.

2. Dagens situasjon

For å gje kontekst til vårt innspele er det naudsynt å seie litt om situasjonen for næringslivet i Vang i dag. Attendum meldingane frå våre medlemmar kan oppsummerast slik:

1. Stillstand i utvikling og aktivitet for tradisjonelle næringar

- Handel, bygg og anlegg og reiseliv utgjer ein betydeleg andel av dagens arbeidsplassar i Vang. Desse næringane er hardt råka av byggjestoppar, konjunkturar og rammevilkår som er under press. Fleire verksemder er no såpass råka at tilsette blir permittere og/eller oppsagde.
- Utfordringane i desse næringane råkar også andre næringar som er tilknytta den same verdikjeda over tid, når den økonomiske ryggraden i det private næringslivet blir svekka. I ytste konsekvens vil dette råke heile vangssamfunnet hardt, når den samla løfteevna vår svekkast.
- Stillstand og manglande føreseielelegheit fører til uro og redusert satsings- og investeringsvilje, som kunne ha bidrige til å halde ting i gang i tronge tider.

- 2. Manglande ambisjonar og tydelege prioriteringar for næringsutvikling**
 - Våre medlemmar kjenner på ei usikkerheit kring kva ambisjonar vi har for næringsutvikling og mogleheter i Vang framover, og opplever at det rår tvil om kor vidt tidlegare vedtekne planer og satsingar faktisk vil bli realisert.
 - Det opplevast vidare å vera eit stort fokus på behov for omstilling, men utan at vi har nokon plan for kva vi skal omstille oss til. Dette skapar passivitet, som fører til tap av framdrift og arbeidsplassar over tid.
- 3. Samhandlingsutfordringar mellom kommune og privat næringsliv**
 - Våre medlemmar opplever at dialogen og tilliten mellom næringslivet og kommunen er svak. Mange peiker på at kommunen i møte med næringslivet framstår som passiv og lite løysingsorientert, og at næringslivet føler seg lite sett og verdsett av kommunen.
 - Våre medlemmar opplever også at det politiske landskapet i Vang per i dag er uoversiktleg og verkar til å vera prega av mange indre kampar, og uttrykker eit sterkt ynskje om at politikarane evner å samle seg om styringa av Vang framover.

Vang Utvikling anerkjenner at kommunen og næringslivet har eit felles ansvar for å betre vilkåra for samhandling, og håper at vi med ein gjennomarbeidd samfunnsdel som våre medlemmar også kjenner seg att i kan greie å gjenetablere fundamentet for ei god samhandling i tida som kjem. Vi er gjensidig avhengige av kvarandre for å lukkast med å halde vangssamfunnet levande, levedyktig og attraktivt.

3. Overordna grep og føringer

Vi ynskjer at samfunnsdelen:

- Har større fokus på mogleheter og handlingsrom basert på dei ressursane og naturgjevne føresetnadene vi har, med hovudvekt på reiseliv og berekraftig destinasjonsutvikling, og målretta arbeid for utvikling av nye næringar.
- Stadfestar kommunen sin rolle som ein løysingsorientert og imøtekommende tilretteleggjar for innbyggjarane og næringslivet i Vang.
- Knyter konkrete og målbare målsetjingar til hovudmåla og tiltaka i planen.
- Legg til grunn at kommunen tek ansvar for overordna infrastruktur som reinsing, vatn og vegar i sentrumsområda og andre prioriterte satsingsområde.
- Sikrar klåre føringer og tydeleg samanheng med arealdelen.
- Forpliktar at det skal utarbeidast ein næringssstrategi i samarbeid med lokalt næringsliv.

4. Konkrete innspel

A. Reiseliv og destinasjonsutvikling

- Reiselivet må løftast fram som ei hovudnæring i Vang, med fokus på:
 - Berekraftig destinasjonsutvikling på Tyin Filefjell, med mål om å ta ein nasjonal posisjon som foregangsmodell for framtidsretta destinasjonsutvikling. Siktemålet frå kommunedelplanen lyt vidareførast i kommuneplanens samfunnsdel:
 - «*Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal utvikle seg til ein stor, berekraftig heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidt for området.*»
 - Målretta arbeid for knoppskyting og ny næringsutvikling knytt til reiselivet, med særskilt fokus på m.a. servicenæringer, lokalmat, stølsdrift og andre tilleggsnæringer.
- Fjeldestinasjonane og utviklingsområda våre må defineraast som strategiske tyngdepunkt, og stimulerast til utvikling som sikrar heilårlege, varige arbeidsplassar og langsiktige inntekter for det lokale næringslivet og kommunen.

B. Landbruk og matproduksjon

- Landbruket er ei viktig og berekraftig næring og må løftast sterkare fram.
- Vang skal vere ein framtidsretta landbrukskommune med vekst i matproduksjonen.
- Kommunen må betre dialogen og sakshandsaminga ovanfor landbruksnæringa.
- Legg til rette for fleksible løysingar og moderne driftsformer i takt med tida, ikkje legg til grunn i planen at *status quo* er den beste løysinga for landbruket over tid.
- Styrk samanhengen mellom landbruk, reiseliv, lokalmat og busetjing.

C. Nye næringer og E16 som vekstmotor

- E16 gjev strategiske moglegheiter med tanke på logistikk, fjernarbeid og service.
- Utvikling av ferdig regulerte næringsareal med god infrastruktur må prioriterast.
- Vang bør profilerast som naturleg stoppestad for handel, mat og opplevingar.
- Etabler konkrete mål for utvikling av nye næringer og arbeidsplassar innanfor sektorar kor vi har særskilte fortrinn og moglegheiter (t.d. reiseliv og kraftkrevjande industri)
- Vegen vidare for næringslivet i Vang må detaljerast i ein næringsstrategi, som kommunen og næringslivet utarbeider og forpliktar seg til i fellesskap.

D. Samfunnsutvikling, sentrumsområde og befolkning

- Lag ein strategi for å møte negativ demografisk utvikling, med konkrete mål.
- Sjå bustader, tenester og arbeidsplassar i tydelegare samanheng.
- Tyin Filefjell lyt inkluderast i planen som eit sentrumsområde, i tillegg til Ryfoss og Vang.

E. Kommunal rolle og gjennomføring

- Set rammer for å sikre føreseielege, transparente og effektive planprosessar.
- Etabler tydelege retningslinjer og tidsfristar for reguleringssaker.
- Legg til grunn kommunalt eigarskap i kritisk infrastruktur i sentrumsområda og prioriterte satsingsområde.

F. Berekraft og klima

- Utarbeid klimabudsjett for kommunen med sektorvise mål.
- Prioriter klimasmart utvikling og energieffektive løysingar, både ved utvikling i kommunal regi, og ved planlegging og tilrettelegging for utvikling i privat regi.
- Sett konkrete mål for utsleppskutt og naturvern.

5. Avslutning

Vi har forståing for at det er krevjande å utarbeide ein klår og tydeleg plan i ei tid som er utfordrande og prega av usikkerheit på mange frontar. Samstundes meiner vi at det er nettopp i slike tider vi må våge å ta beslutningar og tørre å peike ut ein veg vidare. Kun på den måten kan vi i fellesskap samle oss om kva vi trur på, og gå laus på utfordringane i fellesskap, framfor å bli hardt råka av stillstand og passivitet.

Med ein målretta og tydeleg samfunnsdel kan vi:

- sikre arbeidsplassar og busetjing
- tiltrekkje nye investeringar og næringar
- bli ein føregangskommune for fjellkommunar i omstilling

Vang Utvikling ønskjer å vere ein aktiv samarbeidspartner i det vidare arbeidet.

6. Vedlegg

- Medlemsliste

På vegne av Vang Utvikling

Kjell Magne Kvale

Styrelseiar

Innspel til Vang kommune sin samfunnsdel (KPS)

Opdalstølen grunneigarlag (OG) er eit grunneigarlag som vart stifta i 2001 på bakgrunn av at Vang kommune ynskte å revitalisera reiselivssatsinga på Tyin-Filefjell. Det var eit ynskje frå kommunen at eigedommar på Tyin-Filefjell som ikkje var tilslutta grunneigarlag, skulle organisere seg slik at det skulle væra enklare i møte med potensielle destinasjonsutviklarar. I 2001 inngjekk OG samarbeid med Jotunheimen Eiendom og saman med dei vart m.a. Børrenøse, Gudbrandslie, Tindlelie og Otrølie realisert.

OG består av 16 grunneigerar der alle utanom ein er busett i Øye.

Kommuna sin samfunnsdel var oppe som eige sak på årsmøtet i OG 25/3-2025 og dette innspelet er seinare godkjent av alle medlemmene i OG.

Med den bakgrunn at me er eit grunneigarlag med eigedomsinteresser på Tyin-Filefjell så vil dette innspelet naturleg nok basere seg på det som omhandlar næring, noko me meinat er livsnødvendig for å halde liv i bygda mtp. fleire yngre vs. eldre, arbeidsplassar, bulyst, aktivitetar, fritidstilbod, møteplassar osv.

Sett frå vår ståstad er forslaget som Vang kommune har sendt ut på høyring eit defensivt og blodfattig dokument. Planen ber preg av begrensingar framfor mogelegheiter og er ingen vegvisar for ny næring av betydning. Det er beklageleg!

Litt historie: Det har vore eit klart mål for Vang kommune å gjenreise Tyin-Filefjell som ein stor reiselivsdestinasjon sidan midt på 1990-talet. Kommuna har vore ein aktiv part og bidragsyta spesielt mtp. opprustinga av Filefjell Skiheisar og v/a utbygging. Det har frå kommunen si side vore mana til samarbeid mellom dei ulike grunneigarkoalisjonane og grunneigerane på Tyin-Filefjell har ofte vorte beskulda for at nettopp dei sto i vegen for at destinasjonen ikkje fekk den utviklinga alle håpa på. Dette har også vore uttala frå kommunen si side både politisk og administrativt. Etter fleire år med lange prosessar vart ein masterplan omsider landa fyrste gong i 2011. Denne vart opprinneleg utarbeida og finansiert av næringslivet, Jotunheimen eiendom/grunneigerar, Vang kommune og Innlandet fylkeskommune. Den har seinare vorte revidert og endra fleire gonger. Masterplan er som alle veit ikke eit begrep i pbl. men det blir ofte brukt som eit arbeidsdokument og eit grunnlag for kdp. Forrige kdp. for Tyinkrysset vart vedteken i 2005 og det skulle gå lang tid før kommunen vedtok ein ny. Ved kommunestyret sin behandling 5/9-2019 held kommundirektør eit innlegg om kva som no måtte forventas av alle for å få vedtak om ny kdp. Etter ei tid vart det innkalla til ein møteserie på Eidsbugarden Hotel med alle involverte parter i området og seinare dagseminar i Vangshallen. Vang kommune hadde no take en tydeleg rolle med ein klar filosofi på kva ein ny kdp for Tyinkrysset skulle innehalde. Andstorheisen var inne med rekkefølgekrav frå fyrste nye utbyggingsområde og store delar av utviklingsområda måtte planleggja og utvikla samla. Grunneigerane var no ikkje lenger i stand til å realisera utviklinga på Tyin-

Filefjell sjølv og på bakgrunn av desse krava frå kommunen måtte det inn ein større aktør. Dette viste me grunneigarane også ville krevje mykje av kommunen og det vart tydeleg kommunisert frå vår side i prosessen.

Til vår store glede kom det ein destinasjonsutviklar på Tyin-Filefjell, Fredensborg Fritid AS (FF). Me er av den oppfatninga at Vang kommune har vore særskilt heldig med samarbeidspartnaren sin. Det finns mange useriøse aktørar i denne bransjen og FF er definitivt ein stor, seriøs aktør med både kunnskap og kapital. Vang kommune hadde sitt første møte med FF i desember 2020 og i dei seinare møtene med FF, kommunen og grunneigarar vart det her skapt forventningar frå kommunen si side gjennom dei 16 mnd. forhandlingane med grunneigerane pågjekk. Ikkje minst ved at Vang kommune vedtok ny kdp. 23 månader etter at kommunen og FF hadde sitt første møte og når ny kdp. vart vedteken i kommunestyret vart det feira med blautekake! En skulle då tru at denne planen var tufta på alle dei samtalane som hadde vore mellom partane og at kdp. i stor grad var «rigga» for det som hadde vore samtaletema i denne lange tida. Innleiinga i gjeldane kdp. har følgande ordlyd:

VANG KOMMUNE – vilt og vakkert Overordna målsetting for Tyinkrysset:

Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal utvikle seg til ein stor, berekraftig, heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidt for området.

Denne teksten oppfatta me grunneigarane som ei avtale mellom grunneigarane, kommunen og næringslivet. Når FF på dette tidspunktet var på plass så var kommunen sin målsetjing om at alle grunneigarane skulle inngå avtale med ein større destinasjonsutviklar no fullbyrda. Grunneigarane og FF hadde no oppfylt sin del av avtala og alle forventa at kommunen no skulle jobbe aktivt for å nå sine eigne målsetjingar.

Det som har skjedd frå kommunen si side etter avtaleinngåelsen mellom grunneigarane på Tyin-Filefjell og FF, er skuffande og ikkje tillitsvekkande. Det har vore lagt ned store ressursar og mange fagfolk har jobba med dei ulike planane for området over mange år. Når framdrifta og forutsigbarheita blir redusert veks usikkerheita tilsvarende, ikkje berre på Tyin-Filefjell men utover i heile kommunen.

Vang kommune beskriv at kommuneøkonomien og driftsøkonomien er under press. Samtidig beskriv dei at kommunen «er pålagt å levere meir komplekse tjenester som krev høg kompetanse på ulike fagområde» i framtida samt at det er vanskeleg å rekruttere og behalde ansatte med rett kompetanse allerede i dag. Allikevel er det i samfunnssdelen i liten grad beskreve korleis desse utfordringane skal løysast framover. Ein potensiell god bidragsytar til å løyse desse utfordringane vil være å sikre ei bærekraftig utbygging av Tyin-Filefjell området, som blant anna vil skape ringvirkningar i form av arbeidsplassar og tilflytting. For å lykkes med dette er

kommuna avhengig av ein part med kapital og kompetanse for å gjennomføre store prosjekt. FF er en slik part og OG har jobba aktivt for å legge til rette for utvikling i snart 25 år. No må Vang kommune også bli aktivt med på laget for å sikre vekst og utvikling og for å nå målet om at Vang Kommune skal bestå som ein sjølvstendig kommune også i fremtida.

For å halde liv i håpet om at utviklinga på Tyin-Filefjell skal kunna halde fram, forventar me at kommunen sin samfunnsdel tek inn i seg:

- Målsetjinga i kdp for Tyinkrysset må vidareførast i samfunnssdelen.

VANG KOMMUNE – vilt og vakkert Overordna målsetting for Tyinkrysset:

Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal utvikle seg til ein stor, berekraftig, heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidt for området.

- På denne bakrunnen må også Tyin-Filefjell omtalast som eit av sentrumsområda i Vang med ein bustadstrategi.
- Betydninga reiselivet har hatt for Tyin-Filefjell gjennom 200 år og at det framleis skal være eit av hovedsatsingsområda til kommunen for å skape den veksten og dei arbeidsplassane kommunen er avhengig av.
- Setja ned ei arbeidsgruppe beståande av interesser på Tyin-Filefjell for å jobbe fram eit nytt nasjonalt senter med f.eks fjellhistoria/reindrift/felæger m.m. og arbeide med å få Valdres-regionen med på laget.
- Kommunen tek ansvar for v/a utbygging og at gjennom utvikling av nye fritidsbustader/leilighetsbygg og varme senger skal ein legge til grunn at dette er sjølvfinansierande over tid etter sjølvkostprinsippet.
- Forankre at administrasjonen jobbar løyalt etter kommunestyrevedtak og gjennomfører det som er bestemt inntil noko anna er bestemt.

Helsing

Opdalstølen grunneigarlag

v/Asgrim Opdal

leiar

Fra: Ole Helge Haugen <ole.helge.haugen@gmail.com>
Sendt: fredag 23. mai 2025 22:17
Til: Postmottak Vang kommune
Emne: Merknad til Kommuneplanen i Vang 2025 - 2040

Som eigarar av Mo 108/5 i Ryfoss, ynskjer me at eigendomen vår skal bli med i kommuneplanen som næringsområde.
Eigedomen er ein nedlagt pelsdyrfarm, som ikkje lenger er eigna til landbruk, men som kan brukast til andre formål:
Uttak av sand, bobilparkering, datasenter eller anna.

Ole Helge Haugen

Marit Ingeborg Haugen Kjærstein

Fra: Ole Helge Haugen <ole.helge.haugen@gmail.com>
Sendt: fredag 23. mai 2025 22:32
Til: Postmottak Vang kommune
Emne: Merknad til Kommuneplanen i Vang 2025 - 2040

Som eigarar av 1/169 Grønelie, ynskjer me at eigedomen vår skal bli med i
kommuneplanen som utbyggingsområde for hytter.
Eigedomen er svært godt eigna for eit miljøvenleg og bærekraftig hytterområde.

Ole Helge Haugen

Marit Ingeborg Haugen Kjærstein

Dorte Marit Stende

Anders Kjærstein

Ingunn Kjærstein

Sølve Alexander Kjærstein

2. Visjon

- Alle i Vang skal gjera sitt for og framsnakke og gjera kvarandre gode
- God leiing i kommunen er avgjerande for at me skal lykkast.
- Vang skal bestå som eigen kommune
- Kommuneplanen må vere eit aktivt verktøy for administrasjonen i kommunen.
- Det bør etablerast eit utval av unge vaksne, for å få innspel til møteplassar og unge vaksne sitt syn på Vangssamfunnet.

3. Økonomisk berekraft

- Stimulere til auka bruk av konsesjonskraft i Vang kommune
- Arbeid for å halde på folk og arbeidskraft i bygda må prioriterast.
- Utgreie effekten av fastpris på straum for fritidsbustadar i Vang
- Nasjonale krav til blant anna lausdriftsfjøs for mjølke- og storfeproduksjon i 2034 og endra inntektsgrunnlag **ER** ei utfordring.

4. Natur og miljømessig berekraft

- Nær sagt heile Vang er privateigd, grunneigar sine rettar må difor sikrast og respekterast. Tanken om vern gjennom bruk er avgjerande – og det må kome klart fram i planen. Respekt for privat eideomsrett i alle prosessar, både politisk og administrativt er naudsynt.
- Det må skapast gode haldningar til landbruket.
- Beitekartlegging frå NIBIO skal nyttast aktivt i utbyggingssaker – og særleg i konfliktområde
- Jordbruksareal skal ikkje byggast ned, med mindre det gagnar landbruket som til dømes ved bygging av nye driftsbygningar
- Regelverket om bu- og driveplikt skal handhevast strengt
- I støls- og beiteområde bør det innførast ei maksgrense på 50-deltakarar utan søking for arrangement i sumarsesongen, samt krav om skriftleg samtykke frå grunneigar og beitelag. Konsekvensvurdering av påverknad av beitedyr, vegetasjon og dyreliv, samt krav om at arrangør tek ansvar på eventuelle skadar på terreng og infrastruktur.

6. Hovudmål og styringsverktøy

- Det er godt å bu i Vang i dag – Vang skal framleis vere ein god kommune å bu i

7. Kommunale tenester

- Effektivisering må ikkje gå ut over kvaliteten på tenestene, men kostnadsnivået må ned

8. Landbruk og tekniske tenester

- Landbrukskontoret i Vang må bestå. Likevel er det aktuelt å auke samarbeidet og styrke fagmiljøet mellom landbrukskontora i Øvre Valdres. Kontoret må vere i takt med tida og tilpassa nye krav. Landbrukskontoret skal hjelpe til med omstillingar til bønder og tilrettelegge for eit aktivt landbruk i Vang.

Arealstrategi

I forhold til vidare utvikling på Filefjell må målsetnaden frå kommunedelplanen takast inn i KPS-en:

«Hovudmålsettinga til Vang kommune er å legge til rette for at Tyinkrysset skal utvikle seg til ein stor, berekraftig heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsigktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeiddt for området

- Det skal vera ei rettmessig byrdefordeling av VA-utbygging på Filefjell .
- Stryke punktet garden skal vera som den er. Det er ein motsetnad mot punktet kommunestyret vedtok før planen vart sendt ut på høyring.
- Det skal vera mogleg og dele jord frå gardar der det gagnar landbruket, og styrker gardar i drift – der tilhøva ligg til rette for det. Samt dele frå kårbustad der det er naturleg.
- Etablere ein sykkel- og trillestig mellom Ryfoss og Tveit



Vang kommune

Vang, 21.05.2025.

Innspill til høring- kommuneplanens samfunnsdel i Vang Kommune («dokumentet»)

1. Innledning.

Grindafjell AS sin virksomhet, gjør at vårt hovedfokus i høringssvaret vil være rettet mot måten vi oppfatter at kommunens mål og strategier er for næringsliv. Dette gjelder både innhold og tone med tanke på grad av «næringsvennlighet» og om det kan leses ut i hvilken grad kommunen ser og verdsetter næring med sine ansatte, herunder det vi driver med og medvirker til, som et virkemiddel for å opprettholde sin egen virksomhet og tjenestetilbudet overfor innbyggerne.

Vi går derfor her ikke mye inn på dokumentets omtale av virksomhetsområdene knyttet til helse, omsorg og skole. Men næringsvirksomhet må ses i sammenheng med det å opprettholde tjenestetilbudene man ønsker i en egen kommune. Vi må anta at kommunen her, som kommuner ellers, jobber aktivt for å sikre solide inntekter ut over politisk varierende statlige overføringer og varierende kraftinntekter gjennom. Dette vil være f.eks. innbyggertilskudd, skatteinngang, gebyrer, avgifter knyttet til plan, fradeling og byggesak osv.

Det må jobbes for et næringsliv som skaper den type arbeidsplasser som erfaringsvis lettest lar seg rekruttere i et antall som monner og som vil bosette i distrikts Norge. Og at det bidras til at næringslivet har foretak som kan vokse i størrelse og kompetanse som gjør dem motstandsdyktige i konkurransen med stadig større og sterkere «eksterne» aktører.

Grindafjell AS sin rolle som næringslivaktør i dette bildet, er knyttet til å planlegge, bygge ut og selge hyttetomter som i seg er arbeids- og kostnadskrevende. Salg av tomt løser ut en næringskjede som gir arbeid til leverandører av byggevarer, betong og de ulike håndverksfag. Arbeidet, fra start reguleringsplanlegging, fradeling, tilknytningsavgifter, byggesak til ferdigattest osv. gir kommunen fortløpende inntekter i form av avgifter og gebyrer for hver solgt tomt. De fleste kommuner vil merke det direkte på driftsinntektene når reguleringsplanlegging, fradeling og salg av tomter med påfølgende bygging stopper opp, f.eks. i tider når markedet er som nå.

Vi leser også dokumentet i lys av at vi skal drive og finansiere prosjektutvikling som krever tett samarbeid med kommunen, (planarbeid, byggeprosjekter osv.). Gir dokumentet vilje og inspirasjon til å satse, eller forteller det at man kan forvente en endret holdning i kommunen som foranlediger forsiktighet og i verste fall at man legger arbeidet ned? Det gjelder alle som ser til Vang med tanke på næringssatsing. Alle seriøse aktører mottar nesten daglig invititasjoner til å satse på et stort antall prosjekter i et stort antall kommuner landet over. Og da sier det seg selv at man, i tillegg til å vurdere prosjektet, går til de kommunene som har en tillitsvekkende administrasjon og politisk miljø.

Vi har lært at det ikke er nok med store ord fra kommuner og invitasjoner til å komme og satse. Om prosjekt utenfor de store byene kan ha interesse og tilgang til grunn eller bygninger virker håndterbare, må vi se hvem kommunen vi møter er i virkeligheten. Det gjelder alle eksterne næringsaktører som vurderer en kommune. Hva møter oss, når de store ordene er passert? Erfaringsvis, vil seriøst næringsliv, sjekke ut dokumenter som samfunnssdelen. Hva forteller det om kommunen? Hvordan fremstår dokumentet? Er det et solid arbeid, er det ryddig og klart, i forhold til det vi skal bidra med? Hva forteller form og innhold om nivået på de som har laget og vedtatt dokumentet? Forteller det man leser at dette er en kommune å satse i, gitt mulighetene som ligger i så mange andre kommuner? Hvordan er tempo og oppfølging i planarbeid og i byggesak? Etter dette, og man vil gå videre, snakker man gjerne med sentrale aktører i privat næringsliv lokalt om deres erfaringer med kommunen. Og gjerne tilfeldige man møter på butikken eller i skiløypa. Deretter lokale banker, som vet mye om kommunene og vilkårene for næringsliv i de enkelte kommunene.

Vi ønsker å belyse dette, fordi dette er realiteten på næringslivssiden når en kommune snakker om å skape nye arbeidsplasser. Hvem skal skape de. Hvordan skape interesse for at noen vil satse i kommunen og overbevise de om å satse, og så holde på de. Det er ingen selvfølge å få inn eksterne til å satse i en kommune, eller å beholde de der. Og opptrer en kommune slik at mange sentrale eksterne som har sagt ja til å ta arbeidet med å satse i kommunen trekker seg ut, hva er da oddsen for å få inn nye senere? Dette er ting vi mener at må ligge tung i bunn når kommunen formulerer sin samfunnssdel og temaplaner. Det holder ikke å si at man vil jobbe for nyetableringer, om kommunen styrer dit at etablerte flykter fra kommunen.

Prosjektet som Grindafjell AS har tatt ansvar for, ble skapt nettopp av kommunens klare og tydelige holdninger, dialogen og kontakten med kommunen og grunneierenes sterke, felles ønske om å bidra til å skape næring og utvikling i Vang Sentrum. Man så for seg, da dette startet, et veldigt prosjekt som over tid ville bidra til økt handel, unger på skolen, inntekter til kommunen gjennom gebyrer og avgifter osv, og at kommunen kunne opprettholde og utvikle sitt tjenestetilbud. Grunneierne (over 40 i Vang Sentrum) stilte som sitt bidrag areal til disposisjon. Det var i tillit til dette at jeg sa ja til slutt, etter å ha sagt nei flere ganger. Vi så at selve prosjektet var ekstremt krevende, siden alt manglet oppe i området og måtte bygges, veger, vann, avløp, elektrisitet osv. Men valgte Vang fordi vi hadde stor tro på prosjektet, grunneierne og kommunen.

Det er derfor nå uten tvil bare kommunen som er i stand til og har mulighet til å ødelegge dette prosjektet og målene med det. Oppfatter vi ikke kommunen lengre som ryddig, forutsigbar og i stand til å følge opp sine mål med dette, må arbeidet og ambisjonene videre vurderes nøyne og om nødvendig stanses, herunder den nærings-satsning man nå var i ferd med å gå i gang med.

Slik vi leser planforslaget, dokumentet, leser vi det, med stor overraskelse, nærmest som en stopp-ordre på all utvikling i de næringene vi representerer og dermed også for de som henter driftsgrunnlag fra det vi har produsert. Dersom kommunen har tenkt over konsekvensene og dette er det kommunen vil, må jeg som styreformann og styret ta konsekvensene av det. Styret i Grindafjell AS har ansvar for å ivareta interessene til alle sine aksjonærer, hvor over 60 aksjonærer (1/3 av aksjene) er bosatt i Vang.

Vi leser i dokumentet at kommunen i hovedsak ser ut å ville basere sin drift på kraftinntekter framover, men at kommunen likevel har som mål å bestå som egen kommune. Det er nærliggende å få den tanken at kommunen gjennom dette dokumentet egentlig mener å basere fremtiden på at antall innbyggere og tjenestetilbud blir redusert drastisk framover.

Et eksempel på en kommunens samfunnssdel som gir aktører i ulike typer næringsliv « grønt lys » med tanke på viljen til å satse i en kommune er Trysil. Vi ser her en kommune med vyer og tanker framover på alle sine områder, som vil noe, jf. lenken her:

https://www.trysil.kommune.no/_file/b0cd2b-59f0-4d56-96f2-c0273c8a5099/kommuneplanens-samfunnssdel.pdf?utm_source=chatgpt.com

Dette er også et dokument som fremstår som et godt og tydelig arbeidsredskap for alle involverte, administrasjon, politikere, næringsliv, innbyggere og andre. Vi ville gjerne møtt noe i denne retningen i Vang. Man kan særlig merke seg fokuset på samhandling og dialog ulike parter imellom.



2. Andre høringsinnspill

Grindafjell AS slutter seg fullt ut til det høringsinnspillet som er utarbeidet av Tyin Filefjell As og kunnskapsgrunnlaget som der legges ved. Det samme gjelder høringsinnspillet som er under utarbeiding av Vang Næringsforum på vegne av hele næringslivet i Vang, hvor både vi og Tyin Filefjell AS er deltagere. For ikke å gjenta de punkter som der kommer frem en gang til, velger Grindafjell AS å utdype dokumentet i forhold til gjeldende lovverk og FN sine bærekraftmål i forhold til hvordan bærekraft er bruk i dokumentet.

3. Lovgrunnlag

Det er viktig for alle parter å ha en felles forståelse for bestemmelsene som danner grunnlaget for kommuneplanens samfunnssdel. Lovforankring er viktig, fordi det er det eneste felles utgangspunkt alle som planforslaget vil ha virkning for har. Etter vår mening burde plandokumentet i større grad vært mer konkret og tydeligere forankret i disse. Det endelige dokumentet har i sin bruk visse rettskraftvirkninger som vil få betydning for alle som er berørt av kommunens virksomhet, jf. innledningen. Og da bør ikke disse «henge i løse luften.»

Vi går ikke nærmere inn på de ulike veilederne knyttet til det å lage kommuneplanens samfunnssdel her, men holder oss til plan- og bygningslovens (pbl) bestemmelser. Alle bestemmelser i pbl skal ses på bakgrunn av formålsbestemmelsen (pbl) § 1-1.

§ 1-1. Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstsvilkår og estetisk utforming av omgivelsene. For boliger skal prinsippet om universell utforming ivaretas gjennom krav til tilgjengelighet.

Planforslaget tydeliggjør etter vår mening ikke fullt ut 1. avsnitt. Siden dokumentet baseres på «bærekraft», men det defineres ikke nærmere i dokumentet. Det antas at bakgrunnen er FN sine

bærekraftmål. I så fall burde dette gjøres ordentlig og sies rett ut. Det kan være positivt å skille seg ut på den måten. Men da må det gjøres ordentlig og kommunen må konkretisere hvilke mål som er relevante og deres innbyrdes vekt i forhold til hva de ulike målformuleringene omfatter. Som kjent er det 17 hovedmål og 169 delmål. Det antas at anvendt i en samfunnsdel generelt, måtte man drøfte denne konkret på bakgrunn av i alle fall hovedmålene 3,4,5,6,7,8,9,10,11,12,13,15 og 16. Pluss sannsynligvis en rekke av de nevnte 169 delmål. Og så holde de opp mot hverandre, f.eks. knyttet til tettstedutvikling, måtte man drøfte innbyrdes vekting av hensynene i hvert delmål 3,6,7,8,9,11,12,13,15 og 17. Det må være opp til kommunen om den metodisk vil basere seg på bærekraftmålene, men da må dette rendyrkes. Men for vår del ville en tilnærming som f. eks. Trysil sin virke god. Slik vi leser dokumentet nå, oppfattes metoden som en slags «plukkhogst,» der man nær sagt lager sine helt egne bærekraftmål og så skriver seg fram til konklusjoner man ønsker. En leser som ikke kjenner godt til FNs bærekraftmål vil tro at det er disse kommunen bruker slik de er tenkt brukt. Bærekraftmålene er hver for seg mål, men de må anvendes sammen og i en helhet, ut fra prioriteringer av hva som er viktigst. Og må tilpasses der man er, hva enten det er byer i Afrika med 5 millioner innbyggere, eller det er Vang Kommune. Det koker ned til, hva er viktig for oss, her vi bor?

Hvordan kommunen tenker å samordne slik 2. avsnitt beskriver, sies det lite om. Det etterlyses.

Når det gjelder 3. avsnitt, vil det også være en fordel at dokumentet sa noe om kommunens egne mål også for sin egen kompetanse. Dette gjelder generelt for å opprettholde et forsvarlig tjenestetilbud på ulike virksomhetsområder. Det er også vesentlig for å kunne bestå som egen kommune. For de som jobber i privat næringsliv, har vi forventningen til kommunen som beskrevet i 3. avsnitt. Det etterlyses i dokumentet en redegjørelse for hvordan kommunen tenker å holde dette lovkravet oppe slik at både plansaker og byggesaker både blir korrekt behandlet og korrekt fulgt opp med riktig anvendelse av alt tilgrensende lovverk. I den forbindelse er det også viktig å se disse tre lovformålene i kontekst.

De nærmere og konkrete kravene til dokumentet kommer frem av pbl. § 11-2.

11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunenesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

- I fjellområda har kommunen fleire populære og historisk viktige område som Bygdin, Tyinholmen og Eidsbugarden. Framtidig aktivitet i fjellområda og ved historiske destinasjonar, må ta omsyn til eksisterande natur- og kulturverdiar.
- Arealplanlegginga i kommunen skal ta omsyn til viktige naturtypar og artar. Kommunen stiller seg positiv til frivillige ver neprosesser. Kommunen skal ha ei arealforvaltning som er restriktiv til inngrep i karbonrike areal for å redusere utslepp av klimagassar.
- I utmarksområda i kommunen som har betydning for beitebruk, skal det ikkje verte tillate tiltak og aktivitet som går utover beitenæringa, ref. Beitebruksplan for Vang. Skog med høg bonitet og betydning for skogbruket bør skjermast for nedbygging.
- Vang kommune skal ta i bruk arealregnskap som verktøy å halde oversikt over areal som allereie har inngrep, men som kan få nytt formål, betre utnytting eller som kan restaurerast til natur.

(<https://innlandet.maps.arcgis.com/apps/dashboards/42cafc974974497e8619e88ce6bd8f20#locale=nb&communenavn=Vang>

- Ferdigregulerte utbyggingsområder i Vang kan føre til klimagassutslipp. For å redusere de dokumenterte klimagassutslippene som følge av ny arealutbygging, må kommunen prioritere allereie nemnde utbyggingsområde.

Landbruksstrategi (har dette kapittelet falt ut i tilsendt planforslag ??)

- Fjellandbruket er ein bærebjelke i Vangssamfunnet med forvalting av inn og utmark, mellom anna opprettheld naturmangfold og vidareføring av kulturarv gjennom aktiv stølsdrift og skjøtsel av kulturlandskap.
- Landbruk er ei næring i stadig endring. For å sikre verdiane landbruket gjev Vangssamfunnet, er det viktig at flest mogleg gardar er i aktiv drift. Nasjonale krav til blant anna lausdriftsfjøs for storfe i 2034 og endringer i inntektsgrunnlag kan bli ei stor utfording for dei relativt små brukna i Vang. Vang kommune ynskjer å bidra til å stoppe reduksjon i aktive gårdsbruk og stimulere til lokal ressursutnytting og vidareforedling, blant anna mhp lokal matberedskap.
- Aktiv bruk av utmarka til beiting er viktig for den lokale matproduksjonen i Vang, held kulturlandskapet i hevd og er positivt for dyrevelferden. Innmarkressursane i Vang er knappe samanlikna med utmarksressursane. Det er difor viktig at innmarka og blir halde i hevd og at den fulldyrka jorda vert driven intensivt.
- I utmarksområde i Vang som har betydning for beitebruk (ref. Beitebruksplanen) skal det ikkje verte tillate med tiltak og aktivitet som går ut over beitenæringa.
- **Reinbeite ??**
- Skog med høg bonitet og betydning for aktivt skogbruk skal skjermast for nedbygging.
- Vang kommune vil vera restriktiv til nedbygging av dyrka mark. Der arealbehov kan løysast på fleire måtar, bør alternativ som ikkje rører dyrka mark som hovudregel veljast. Dersom det er store samfunnsinteresser, utan fullgode alternativ til å bygge ned dyrka mark, skal ein søkje å finne erstatningsjord gjennom nydyrkning, basert på ein verdikartlegging av den dyrka marka.
- For å styrke driftsgrunnlaget på eksisterande bruk, kan oppdeling av garder/sal av tilleggsjord tillatast der bruksstørrelse og driftsfordelar talar for det i høve til framtidas driftsstruktur.

Næringsstrategi

Vang har i årtier vore ein kommune med lang turist-tradisjonar. Dei seinare åra har turismen vorte erstatta av private hytter, og hyttebygging er blitt ein sentral del av næringsutviklinga. I 2022 var ...sysselsatte i bygg og anleggsnæringa og ... var sysselsatt i handel og service, jfr. undersøkinga frå Menon.

- I kommunen er det samla ca 1850 fritidsboligar og det er planar som doblar dette talet. Med auka bevisstgjering om negativ konsekvensar av nedbygging av natur, må Vang vurdere kva slags prioriteringar kommunen skal gjere i tida framover knytt til arealbruk.
Vang bør likevel ha som mål å auke antalet fritidsbusatder med 2-3 % årlig i perioden.

- På Filefjell og rundt Tyinkrysset har det i flere år verte planlagt ein større helårs turistdestinasjon. Grunneierane gjekk i 2022 inn avtale med en stor destinasjonsutvikler om utvikling av området. Det er planar om bygging av hytter, leiligheter og utelege enheter i tillegg til utvikling av varme senger og ulike sentrums -og aktivitetsområde.
Vang kommune skal bidra i eit samarbeide om denne utviklinga.
- Områdene ved turistbedriftane på Bygdin, Tyinholmen og Eidsbugarden er og sentrale satsingsområde, der ein bla gjennom fortetting kan styrke næringsgrunnlaget for eksisterande verksemder.
- Grindafjell er det nyaste fritidsområde i kommunen, så langt basert på private hytter. Totalarealet er i utgangspunktet beregna til ca 1500 enheter. Det må takas ein vurdering på realitetet av, og storleiken på dette utbyggingsområdet når kommunens arealplan rullerast.
- I området Kviessyndin er det allereie tillatt bygging av hytter i det som før var et stølsområde.
- Vang energiverk har ført fram støm til dette området og vidare mot Midtre Syndin. For å styrke investeringane til Vang Energi bør område kunne fortettast for å gi økomisk berekraft til investeringane som er gjort.
- Det er heilt vesentleg for Vang Energiverk at utviklinga av fritidsbustader/leiligheter/aktivitetar fortsett i kommunen. Dette bidreg til å oppretthalde aktivitet og arbeidsplassar i kommunalt eige.
- Kommune skal bidra til tilrettelegging av ferdig regulert **næringsareal** til ulike behov.
Areal for handel/service og overnatting bør vere i nærleiken av E 16 og anna teknisk infrastruktur i samanheng med bustad og sentrumsutvikling. Andre aktuelle område for næringsareal ligg mellom Tveitabru og Kvismo, det det allereie finnes etablert næringsliv og eit regulert næringsareal. Synshagen har etablert næringsliv og området har eit godt potensial for vidare utvikling.



6

Kommuneplan

7

8

Vang kommune

9

10

Samfunnsdel 2025 – 2040

11

12

13

Planforslag 20.03.25


20	Innhold	
21	Innleiing	3
22	Visjon	4
23	Vår visjon	4
24	Langsiktige utfordringar og moglegheiter	4
25	Sosial berekraft	5
26	Økonomisk berekraft	6
27	Natur og miljømessig berekraft	7
28	Samfunnstryggleik og beredskap	8
29	Hovudmål	9
30	Vang skal vera eit inkluderande, trygt og mangfaldig lokalsamfunn.	9
31	Vang skal ha framtidsretta kommunale tenester	10
32	Helse- og omsorg	10
33	Utdanning og kultur	11
34	Landbruk/teknisk	11
35	Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv	11
36	Ta vare på det særskilte ved Vang	12
37	Langsiktig arealstrategi	12
38	Sentrums- og bustadstrategi	13
39	Fjell- og naturstrategi	13
40	Næringsstrategi	14
41		
42		
43		
44		
45		
46		
47		
48		
49		
50		
51		
52		

53 Innleiing

- 54 Kommuneplanen består av ein samfunnsdel med langsiktig arealstrategi og ein arealdel.
55 Samfunnsdelen omfattar dei langsiktige hovudmåla for utviklinga av lokalsamfunnet og
56 kommuneorganisasjonen, og kva strategiar og styringsprinsipp Vang kommune skal følgje
57 for å nå måla.
- 58 Måla erstattar ikkje dagens løpende arbeid på samfunnsområdet, men gjev retning for kva
59 som skal ha særleg prioritert fram til 2040. Hovudmåla peikar på ei forventning Vang
60 kommune har til samarbeid med andre offentlege aktørar, næringslivet og frivilligheita.
61 Konkrete tiltak og prioriteringar følgjast opp i økonomiplanen og gjennom
62 kommunedelplanar, temaplanar og strategiar.
- 63 Den langsiktige arealstrategien stadfestar viktige prinsipp for arealbruken framover, og legg
64 føringer for utvikling av kommuneplanen sin arealdel. Arealstrategien er såleis bindeleddet
65 mellom dei overordna måla i samfunnsdelen og den juridisk bindande arealdelen.
- 66 Samfunnsdelen skal vere eit strategisk styringsverktøy for all politisk og administrativ
67 verksemd i kommuneplanperioden.

68

69



70

71 Figur 1. Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjulet (Asplan Viak).

72 **Visjon**

73 **Vår visjon**

74 *Vang kommune skal vera ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærliek, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus.*
75 *Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Vi skal vera aktive*
76 *i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.*

78 **Langsiktige utfordringar og moglegheiter**

79 Kommuneplanen byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag. Dette utdraget sumerer opp
80 utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar som utgangspunkt for prioriteringar i
81 samfunnsdelen. Kunnskapsgrunnlaget har peika ut både nasjonale, regionale og lokale
82 utfordringar som samfunnsmåla må ta grep om. Samla kunnskapsgrunnlag finnes på
83 vang.kommune.no.

84

Befolkingen i Vang

I dag:



2,7
I yrkesaktiv
alder per
person 67+



2050:



2,2
I yrkesaktiv
alder per
person 67+



85 Figur 2. Fordelingen av yrkesaktive 20 til 66 år og eldre i dag og 2050 i Vang kommune, SSB
86

87

88

89

90

91 **Sosial berekraft**

92 Folketalet i Vang var pr. 4. kvartal 2024 1 684 innbyggjarar. SSB si prognose viser eit
93 forventa innbyggjartal i 2050 på 1 976. Det er forventa at i 2040 vil ein større del av
94 befolkninga i Vang vere i ikkje-arbeidsfør alder enn i dag. Den største veksten kjem i
95 aldersgruppa 67 år og eldre, der gruppa 80+ år vil doble seg frå 2025 til 2050.

96 Kommunen er pålagt å levere meir komplekse tenester som krev høg kompetanse på ulike
97 fagområde. Vang kommune er ikkje noko unntak. Innbyggjarane og besøkande sine
98 forventningar er høgare enn det kommunen vil ha evne til å innfri, og vil ytterlegare auke i
99 tida framover. Kommunen må i større grad enn tidlegare involvere innbyggjarane og andre
100 aktørar som aktive samarbeidspartnere og viktige ressursar.

101 Pensjonistar er aktive samfunnsaktørar, som bidreg i stor grad i frivillig sektor. Gjennom
102 betre organisering og vilkår kan bidraget deira bli endå større. Det er verdifullt for både
103 samfunnet og pensjonistane.

104 Ein del av dei i yrkesaktiv alder er heilt utanfor arbeidslivet eller utdanning i Vang.
105 Utanforskrap rammer utsette grupper hardast, slik som dei som opplev låginnntekt, ungdom og
106 unge vaksne, enkelte innvandrargrupper og dei med helserelaterte utfordingar. Førebygging
107 av utanforskrap krev ein heilsakapleg tilnærming, med fokus på tidleg innsats og systematisk
108 oppfølging av dei som står i fare for å falle utanfor.


109 Sosiale møteplassar, gode kommunale tenester og varierte fritidsaktivitetar er viktig for å få
110 folk til å trivast i Vang. Kommunen bør ha fokus på godt samarbeid med frivilligheita og andre
111 aktørar i samfunnet, for å oppretthalde aktivitet og ulike tilbod for innbyggjarar i alle aldrar og
112 livsfasar.

113 Ein god plass å bu er viktig for god livskvalitet og trivsel. Kommunen har bustader til leige for
114 kommunalt tilsette og bustadsosiale formål. Bustadmarknaden i Vang har ikkje den breidda
115 og standarden som må til for å møte ulike behov og preferansar. Det er også eit stort
116 vedlikehaldsetterslep på kommunale bustader og eigedom. Det er fleire private aktørar som
117 har starta ulike bustadprosjekt. Samarbeid mellom private aktørar og kommunen blir viktig i
118 tida framover.

Kva synes de er best i Vang?



Kva saknar du i Vang?



120

Figur 3-4. Innspel frå ungdomspolitisk dag våren 2024

Økonomisk berekraft

- 123 Vang kommune har gode inntekter frå kraftproduksjon. Eit fokus må være å bruke dessa ressursane smart og disponera dei til eit langsigkt perspektiv for å sikre framtidige generasjonar.
- 126 Kommuneøkonomien er under press. Det gjeld også for driftsøkonomien i Vang kommune. Utvikling av økonomien i Vang kommune er avhengig av ei god økonomistyring og nøktern drift i tida framover.
- 129 Vang kommune erfarer at det er vanskeleg å rekruttere og behalde tilsette med den kompetansen me treng allereie på nåverande tidspunkt. Vang som ein distriktskommune bør fokusera på ein strategi for å imøtekome nye innbyggjarar, men også dei som vurderer å flytte hit. Rekruttere og behalde arbeidstakrar vil vera avgjerande i Vang i åra framover, for at me kan sikre eit tenestetilbod på tilfredsstillande nivå.
- 134 Fagnettverk, samarbeid med andre Valdreskommunar og tenestekjøp kan vere naudsynt for å sikre kompetanse og kapasitet. Å vere opne i møte med digitalisering, og dei moglegheitene som ligg i det, kan hjelpe oss i møte med nokre rekrutteringsutfordringar.
- 137 Variert næringsliv er sentralt for å skape arbeidsplassar, generere inntekter og bidra til lokal samfunnsutvikling. Kommunar som integrerer næringsutvikling i arbeidet for gode lokalsamfunn, oppnår ofte større suksess i utviklingsprosjekt. Arbeidet må vere godt forankra både administrativt og politisk i kommunen.
- 141 Landbruket i Vang er viktig for sysselsetting og er i konstant omstilling. Dette skaper ringverknader for anna lokalt næringsliv i kommunen. Eit framtidig og levedyktig landbruk i Vang vil vere av stor betydning for lokalsamfunnet. Landbruksnæringa er i stadig endring, dette gjeld og Vang. For å sikre dei verdiane landbruket gjev Vangsamfunnet er det viktig at flest mogleg gardar er i aktiv drift. Nasjonale krav til blant anna lausdriftsfjøs for mjølke- og storfeproduksjon i 2034 og endra inntektsgrunnlag kan vera ei utfordring.
- 147 Det har i lang tid vore ein satsing på reiselivet i Vang. Reiselivsnæringa bidreg til viktig verdiskaping. Det er likevel utfordringar og moglegheiter knytt til rekruttering av stabil arbeidskraft, heilårsarbeidsplassar og berekraftig reiselivsutvikling.

150


151 **Natur og miljømessig berekraft**

152 Vang er ein kommune som forvaltar store naturverdiar. Dei er foredla, tatt vare på og
153 vidareutvikla av generasjonane før oss. Det er vårt ansvar å forvalte og vidareføre desse
154 verdiane til komande generasjonar. For å få til dette må me tenke både verdiskaping og vern
155 av verdiane våre i eit langsigkt perspektiv.

156 Vang har eit variert naturmangfald med stor variasjon av naturtypar i fjell, våtmark, skog,
157 kulturlandskap, vatn og vassdrag. I kommunen har vi eit storslått og variert landskap som
158 rommar dei ulike naturtypane som former korleis vi opplever Vang. På same tid har naturen
159 ein eigenverdi. Korleis vi best nyttar areala våre og tek vare på naturmangfaldet er ei
160 interesseavvegning og avhenger av kva type natur det er.

161 For slåttemark som ofte har eit stort artsmangfald er den heilt avhengig av skjøtsel. For ein
162 naturskog bør det vere minst mogleg menneskeleg påverknad for å sikre at artsmangfaldet
163 vert ivaretakne. I skog og slåttemark finn ein mange artar på den *norske raudlista*. I
164 kommunen har vi fleire artar som vi har særleg ansvar for å ta i vare.

165 Arealbruksendring er den største trusselen for naturmangfald, samstundes trugar spreiling av
166 framande artar naturmangfaldet. Nye raskt veksande generaliserte artar kan utkonkurere og
167 ta leveområda til stadeigne spesialiserte artar. Dette kan ofte vere ein sakte og gradvis
168 utvikling og det er viktig å gjøre tiltak før dei nye artane får overtak.



169
170

Figur 5. Arealbruk og arealressursar, SSB

171 Dei fleste store vassdrag i kommunen er prega av vasskraftutbygging. Vasskraftutbygging
172 har som oftaast ein stor kostnad for økologien i vassdraget og naturen langs med vassdraget.
173 Som reaksjon på omfattande vasskraftutbygging etter andre verdskrig, vart fleire vassdrag
174 verna for utbygging i Noreg. I Vang er fleire mindre vassdrag delstrekningar verna.

175 Fjellandbruket er ein bærebjelke i Vangsamfunnet med forvaltning av inn- og utmark som
176 mellom anna opprettheld naturmangfald, variert næringsliv, sysselsetjing og vidareføring av
177 kulturarv gjennom aktiv stølsdrift og skjøtsel av kulturlandskap .

178 Aktiv bruk av utmarka til beite er viktig for lokal matproduksjon og held kulturlandskap i hevd,
179 samtidig som det er positivt for dyrevelferd. Innmarksressursane i Vang er knappe
180 samanlikna med utmarksressursane. Difor er det viktig at innmarka blir halde i hevd, og den
181 fulldyrka jorda vert drive intensivt, samtidig som at det ikkje forringar det tradisjonelle
182 kulturlandskapet. Det er viktig at jordbruksareal ikkje vert nedbygt i for stor grad.

183 Hyttebygging har vore, og er ein sentral del av samfunnsutvikling og næringsutviklinga i
184 Vang kommune. Per 2025 er det 1847 fritidsbustader i kommunen. Med auka bevisstgjering
185 om negative konsekvensar av nedbygging av natur, må Vang vurdere kva slags prioriteringar
186 kommunen skal gjera i tida framover, knytt til arealbruk, utbygging og klimaufordringar.
187 Kommunen har store ubygde areal bunde opp til ulike formål i kommuneplanens arealdel.

188 Klimagassregnskapet for Vang kommune ligger på rundt samme nivå de siste 20 årene
189 ifølge miljødirektoratet.

190



191

192 Figur 6. Illustrasjon av samspelet mellom berekrftsmåla, FN sambandet.

193 Samfunnstryggleik og beredskap

194 Vang kommune har ei viktig rolle i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Målet er å
195 bygge opp eit trygt og robust lokalsamfunn.

196 Ei stadig endring i risikobiletet gjer at me må være førebudd på at meir ekstremvær, ulykker,
197 sabotasje, pandemiar, og i verste fall krigshandlingar kan ramme oss. Vang kommune blir
198 påverka av hendingar både lokalt, nasjonalt, i Europa og verda elles.

199 Europaveg E16 er den mest vintersikre transportåra mellom sjø og indre austlandet. I ein
200 spent geopolitisk situasjon vil denne transportåra ha ein viktig funksjon i høve til auka press
201 mot frontlinjer aust for oss og forflytting av materiell og folk.

202 Mat og matforsyning er ein vesentleg del av totalberedskapen. Vang er ein
203 landbrukskommune, og for beredskapen er det viktig å oppretthalde og stimulere til utvikling
204 av lokal matproduksjon. Trygg og sikker vassforsyning er ein del av velfungerande
205 beredskap, i Vang hovudsokn må dette utgreiaast og sikrast betre enn i dag.

206 Eigenberedskap er ein viktig del av den totale beredskapen i kommunen.

207 Fjellpartiet Skutshorn er klassifisert som eit høgrisiko objekt for fjellskred. Fjellmassane
208 beveger seg opp til 3 cm i året. Eit større fjellskred kan forårsake ei flodbølgje i Vangsmjøsa,
209 som kan ramme store delar av Vang. Fjellpartiet blir kontinuerleg overvaka av NVE. Sjølv om
210 me no har overvaking og kontroll på utviklinga vil denne situasjonen ha verknad på
211 samfunnsplanlegginga vår framover.

212 Vang har to brannstasjonar og interkommunalt driftssamarbeid i Valdres brann- og
213 redningsteneste IKS. Det er utbetringsbehov ved dei to brannstasjonsbygga Vang kommune
214 eig.

215

216

217

218

219

220

221

222

223

224

225

226

227

228

229

230 **Hovudmål**

231 **Vang skal vera eit inkluderande, trygt og mangfoldig lokalsamfunn**

232 **Dette målet inneber prioritering av:**

- 233 • å gjøre det godt å bu i Vang

Commented [LH1]: Struktur på underpunkt
må ryddes

Commented [LH2R1]: Punkt bør byttes ut
med nummer (enklare henvisning seinare)

- 234 • å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, religion, seksuell
 235 orientering, kjønnsidentitet, funksjonsnedsetjing, alder eller andre vesentlege forhold
 236 ved ein person i alle deler av samfunnet
- 237 • legge til rette for eit levande kulturliv
- 238 • den frivillige innsatsen i kultur og samfunnsliv skal stimulerast og støttast
- 239 • kommunen si satsing på kultur skal vera i samhandling med ulike aktørar i
 240 lokalsamfunnet
- 241 • førebygging av utanforskap og arbeide aktivt for inkludering
- 242 • barn og ungdom skal sikrast stimulerande og trygge oppvekstvilkår i heim,
 243 barnehage, skule og fritid
- 244 • skule- og barnehagekvelden skal leggjast opp med fokus på gode
 245 mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunn kost og fysisk aktivitet
- 246 • legge til rette for ei framtidsretta og variert arbeids- og bustadmarknad
- 247 • sikre gode og attraktive bumiljø for alle innbyggjarane i kommunen
- 248 • sikre kontroll og vedlikehald av kommunal eigedom/bustad
- 249 • mål om vidareføring av nullkonsesjon, og at alle bustadar i Vang blir nytta som
 250 heilårbustad
- 251 • Vang kommune skal legge til rette for aldersvennlegheit og universell utforming slik
 252 at kommunen er tilgjengeleg for alle
- 253

Commented [LH3]: "likeverd"

Commented [LH4]: Desse tre punkta kan slåast saman til eit punkt

Commented [LH5]: Desse to punkta kan slåast saman til eit punkt.

Commented [LH6]: Kva meines med dette punktet?

Commented [LH7]: Høyrer desse to punkt til her?

Vang skal ha framtidsretta kommunale tenester

Dette målet inneber prioritering av:

- prioritering av systematisk folkehelsearbeid, tverrfagleg samhandling, tidleg innsats for barn og unge og førebygging for alle aldersgrupper
- utvikle berekraftige tenester - der førebygging og hjelpe til eigenmeistring står sentralt
- vektlegging av kvalitet og kapasitet i primærøppgåver og lovpålagte tenester
- administrativ organisering som sikrar strategisk utviklingskapasitet, kvalitet og effektivitet i drift og tenesteutvikling
- aktivt utforske potensiale i nye teknologiske løysninga og nye måtar å løyse oppgåver eller yte tenester på
- oppretthalde ein berekraftig kommuneøkonomi for framtidige generasjonar
- ei framtidsretta arbeidsgjevarstrategi er avgjerande for at Vang kommune kan rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft, og vil utgjera eit felles fundament for folkevalde, medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde
- føre ein god seniorpolitikk, med fokus på at tilsette nær og i pensjonsalder kan stå lengre i arbeid og vera ein ressurs i arbeidslivet
- rekruttere innbyggjarar utanfor arbeid til arbeidstrening i kommunale tenester
- utvikle og utnytte potensalet ved samskaping mellom kommunen og frivilligheita

Commented [LH8]: Desse to turkise punkta bør sjåast i samanheng.

Commented [LH9]: Og nytenkjande

Helse- og omsorg

- Vang kommune skal i helse- og omsorgstenesta levere forsvarlege tenester til rett tid på rett nivå

Commented [LH10]: Burde det stå noko om ambulanse og fastlege ordninga?

- 276 • Tenester og tilrettelagte bustader må (sam)lokaliseraast slik at innbyggjarar og
 277 pasientar kan vera sjølvstendige og sjølvhjelpe lengst mogleg, og ein oppnår god
 278 ressursutnytting
 279 • Ta i bruk nye måtar å yte tenester på, slik som velferdsteknologi
 280 • Ha tydelege tenestebeskrivingar som bidreg til forventingsavklaring

281

282

283 **Utdanning og kultur**

- 284 • barnehagen og skulen i Vang skal ha god kvalitet, stimulere læringslyst og gje
 285 positive erfaringar for barn og unge
- 286 • ha fokus på samhandling mellom barnehage, skule, helsestasjon, skulehelsetenesta,
 287 barnevern og PPT, samt andre relevante samarbeidspartnarar
- 288 • fortsette arbeidet med satsing på gode uteområde for å legge til rette for læring
 289 gjennom uteskule, leik i natur og fysisk aktivitet der alle blir inkludert
- 290 • barn og unge skal høyrast i saker som omhandlar dei, som enkeltpersonar og som
 291 gruppe, gjennom til dømes elevråd og ungdomsråd
- 292 • Nytt pkt?

293

294 **Landbruk/teknick**

- 295 • Føreseieleg drift av eksisterande teknisk infrastruktur
- 296 • Nye utbyggingar skal vere av høg kvalitet og godt dimensjonert
- 297 • Ved investering i ny infrastruktur i reiselivsområder skal økonomisk risiko tas av
 298 utbyggjar/utviklar gjennom justeringsrettsmodellen

299

300

301

302

303

304

305

306

307

308 **Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv**

309 **Dette målet inneber prioritering av:**

- 310 • å fremje eit variert, framtidsretta og konkurransedyktig næringsliv
- 311 • stimulere til eit aktivt landbruk, med særleg vekt på lokal ressursutnytting og
 312 vidareforedling, inn- og utmarksressursar, stølsdrift, kulturlandskap og lokal
 313 byggjeskikk, busetjing, næringskombinasjonar og matberedskap

Commented [LH11]: Barnehagen ? bør det stå barnehagane.

Commented [LH12]: Arbeide for eit godt og inkluderande skolemiljø med nulltoleranse for mobbing.

Commented [LH13]: -jobbe for idrettsaktivitetar etter skuletid

Commented [LH14]: Framtidsretta

Commented [LH15]: Bytte ut med "Kommunal infrastruktur"?

Commented [LH16]: Tenke overordna
 - byggeklart næringsareal
 - konsesjonskraft (framtidsretta industri/næring)
 - gjøre det attraktivt å starte bedrift (bygg, kontorplassar)
 - Ta med eksisterande arbeid
 Legge til rette for "ikke stadbunden næring"
 (konsulenter, frilans, osb.)

Commented [LH17]: stimulere til eit aktivt landbruk med mål om flest moglege aktive bruk etter 2034.

- 314 • mål om flest mogleg aktive gardsbruk etter 2034.
315 • medverke til attraktivitet og auka rekruttering av arbeidstakarar i verksemder i
316 kommunen
317 • leggje til rette for etablering av ny verksemd med næringsareal og kontorfellesskap,
318 slik at både lokale verksemd som er geografisk uavhengige kan etablere seg i Vang

319

320 **Ta vare på det særskilte ved Vang**

321 **Dette målet inneber prioritering av:**

- 322 • Vang skal bestå som eigen kommune
323 • kommunen sin arealbruk skal bidra til å sikre naturmangfold, kulturmiljøet og vareta
324 levande kulturlandskap
325 • ta vare på og sikre lokal kulturarv og lokal byggjeskikk
326 • tap av natur og naturmangfold skal reduserast. For trua naturtypar og ansvarsartar i
327 kommunen, bør levekåra betrast
328 • leggje til rette for klimatilpassingar som følgje av meir ekstremvær, t.d. ved å ta omsyn
329 til auka fare for flaum og skred i arealplanlegginga
330 • Vang skal ha ein god beredskap og vera godt førebudde på ulike hendingar. Planar
331 skal vera oppdaterte og øvingar må prioritera
332 • Vang skal både førebyggje og vera budde på uynskte hendingar og kriser
333 • kommunen skal prioritere og arbeide aktiv med beredskapsarbeid og bevisstgjere
334 innbyggjarar om eigenberedskap
335 • delta aktivt i det interkommunale samarbeidet i Valdres og vere positiv til samarbeid
336 med andre kommunar og regionar der det er hensiktsmessig
337 • Gjenbruka og finne nye bruksområde i allereie utbygde områder framfor å bygge ut
338 ubebygde areal.
339 • Vang kommune skal jobbe aktivt med å redusere eigne klimagassutslipp fram mot
340 2040.

341

342

343

344

345

346

347 **Langsiktig arealstrategi**

348

349 Arealstrategiane synleggjer korleis mål og prioriteringar i samfunnssdelen skal følgast opp i
350 arealplanlegging og gir bestillingar til revisjonen av kommuneplanens arealdel, der avklaring
351 av arealbruken vil skje.

352

Commented [LH18]: Generelt:
Kva gjer me med E16 og sentrum?

353 Sentrum- og bustadstrategi

- Kommunen vil legge til rette for vidare utvikling av Vang sentrum (Mjøsvang - Synshagen) og Ryfoss sentrum med varierte bustader til ulike behov, kommunal tenesteyting, trygge møteplassar og nærelik til kollektivtilbod. Kommunen må lokalisere gode areal for utvikling av Vang sentrum i høve ei eventuell flodbølge frå Skudshorn.
- Det skal leggast til rette for friluftsliv og andre aktivitetar i nærområda til bustader og fritidsbustader og trygge skulevegar og ferdsselsårer til sentrum.
- I arealplanlegginga må det takkast særleg omsyn til trafikktryggleik. Utviklinga i Vang sentrum skal gje moglegheit for alle brukarar å ta seg trygt mellom ulike tilbod.
- Det skal takast vare på areal med naturpreg innanfor sentrum, bustadområde og hyttefelt i kommunen, dette av omsyn til om anna naturmangfold og overvatn.
- Kommunen skal framleis tillate spreidd bustadbygging i dei ulike grondene når det elles ikkje er aktuelle tomter i gronda. Utover tradisjonelle bustader ser kommunen positivt på etablering av andre typar bustadløysingar som styrker bustadtildelodet i grondene.
- Utgangspunktet er at garden skal vere som den er. Frådeling av kårbustad eller anna bustad frå garden kan verte tillate der det vert vurdert som eit behov i høve bustadtildelodet i gronda. Frådeling må ikkje kome til hinder for framtidig landbruksdrift.
- Det skal vere mogleg og dele jord frå eigedomar der det er positivt for gardar i drift, og både kjøpar og seljar er interesserte i det.

Commented [LH19]: E16: Kvar skal den gå?
Bør konkretiseres i KPA

Commented [LH20]: Bør det presiseres kva som er meint? T.d. bustadfelt?

Commented [LH21]: Sentrumsområde

Commented [LH22R21]: ...Vang og Ryfoss sentrumsområde

Commented [LH23]: "i kvart sentrum"

Commented [LH24]: Grønnstruktur

Commented [LH25]: Tettbebyggelse

Commented [LH26]: Bør vurderes? Er den klargjerende eller forvirrande?

Commented [LH27]: Overflødig setning. Kan fjernes.

Commented [LH28]: Presisering: dyrka mark

Commented [LH29]: Byttes med: og kommunen må etablere eigne føringer for dette.

377 Fjell- og naturstrategi

- Vang kommune vil vidareføre satsing på konsentrert utbygging på Tyinkrysset innanfor regulerte areal. Utbygginga skal først og fremst vera leilegheitsbygg og servicenærings samst noko hyttebygging. Hyttebygging andre stader i kommunen skal kome i tilknyting til allereie utbygde område. Det kan tillatast noko vidare utvikling ved naturlig fortetting.
- Det bør ikkje tillatast bygging av hytter i stølsområda eller frådeling av stølshus som kjem til hinder for landbruksdrift eller er øydeleggjande for kulturmiljøet og landskapsbiletet. Hytter i stølsområda skal vidare kunne gjera naudsynte forbetingar.
- I fjellområda har kommunen fleire populære og historisk viktige område som Bygdin, Tyinholmen og Eidsbugarden. Framtidig aktivitet i fjellområda og ved historiske destinasjonar, må ta omsyn til eksisterande natur- og kulturverdiar.
- Arealplanlegginga i kommunen skal ta omsyn til viktige naturtypar og artar. Kommunen stiller seg positiv til frivillige verneprosessar. Kommunen skal ha ei arealforvaltning som er restriktiv til inngrep i karbonrike areal for å redusere utslepp av klimagassar.
- Ta i bruk verktøy som arealregnskap for å minimere nedbygging av natur og halde oversikt over areal som allereie har inngrep, men som kan få nytt formål, betre utnytting eller som kan restaurerast til natur.

Commented [LH30]: Omformuleres: må dekke areal avsæt i KDP TX.

Commented [LH31R30]: "innanfor KDP Tyinkrysset"?

Commented [LH32]: Takast ut? Arealbruk er definert i KDP TX

Commented [LH33]: Hyttebygging andre stader i kommunen skal kome i tilknyting til allereie utbygde område og bør først og fremst skje ved fortetting.

Commented [LH34]: Fjernes

Commented [LH35]: Omformuleres? "tillatast ikkje"

Commented [LH36]: Eksisterende hytter

Commented [LH37]: Kan fjernes

- 396 • Ferdigregulerte utbyggingsområder i Vang vil medføre store klimagassutslipp. For å
397 redusere de dokumenterte klimagassutslippene som følge av ny arealutbygging, må
398 kommunen prioritere visse utbyggingsområder.
399 (<https://innlandet.maps.arcgis.com/apps/dashboards/42cafc974974497e8619e88ce6bd8f20#locale=nb&communenavn=Vang>)
400
401 • Produksjon av solenergi bør skje på eksisterande infrastruktur.
402 • Vasdrag som er verna gjennom *Verneplan for vassdrag* i kommunen skal ikkje
403 byggast ut med installert effekt over 1 MW
404 • Vi skal utnytte muligheter for bruk og verdiskaping i fjellområdene og samtidig vurdere
405 behov for inngrepstilfelle soner/fastsatte grenser for utbygging i natur- og fjellområder.
406 • Berekraftig arealdisponering: Vi skal vektlegge høy utnyttlingsgrad i bustad-, fritids- og
407 næringsområde for å nå nasjonale mål om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar
408 mark og redusere inngrep i våtmark og myrområder.
409 • .
410

411 **Næringsstrategi**

- 412 • Kommunen skal legge til rette for å tilby ferdig regulert næringsareal til ulike behov.
413 Dette bør vere i nærleiken til E16 og anna teknisk infrastruktur og i samanheng med
414 bustad og sentrumsutvikling.
415 • Aktuelle område for næringsareal i kommunen ligg mellom Tveitabru og Kvismo, der
416 det alt finst eit etablert næringsliv og regulert næringsareal. Synshagen har eit
417 etablert næringsliv og har eit potensiale for vidare utvikling.
418 • Vang kommune vil vera restriktiv til nedbygging av dyrka mark. Der arealbehov kan
419 løysast på fleire måtar, bør alternativ som ikkje rører dyrka mark som hovudregel
420 veljast. Dersom det er store samfunnsinteresser, utan fullgode alternativ til å bygge
421 ned dyrka mark, skal ein søkje å finne erstatningsjord gjennom nydyrkning.
422 • Utmarksområda i kommunen som har betydning for beitebruk skal det ikkje verte
423 tillate tiltak og aktivitet som går utover beitenæringa. Skog med høg bonitet og
424 betydning for skogbruket bør skjermast for nedbygging.
425 • Vang kommune skal ha ein definert næringsstrategi med konkrete mål med fokus på
426 utvikling:
427
 - Styrke og vidareutvikle eksisterande næringsliv
 - Omstilling
 - Det skal vere attraktivt å etablere seg i Vang
 - Tilrettelegging for ikkje stadbunden næring
 - Grønn kraftkrevjande industri som gjev arbeidsplassar.
 - Kommunen skal vere offensive med byggeklare næringsareal
433
434
435

436

437

438

NR	Avisende	Kapitleinr	Vision	Linnintr	Innspel	Mulig å få den kortare og enklare?	Status	Kommentar
							Evt.1	Evt.2
	Vang-AP	72-77				Generelt: Få litt mer breddde i leksten; tydeligere skille mellom utfordringen og muligheter (utfordringane tas kast vertikleg på alvor, men muligheten blev lys i tunnelen). Bar me lage eit kort kapittel før ein gåt på hovudmåla som viser at kommunen trass att har mange muligheter? Ynskjeleg med litt mein om nedgang i aktive gardbruk og litt meir info om næringsliv.		
	Vang-AP		Langsiktige utfordringar og muligheter	78		Generelt: "Bar stå noko om å vidareutvikle dagens næringsliv. Faktat om utviklinga."		
	Vang-AP			121		Struktur på underpunkt må syrdes, bar byttes ut med nummer og undernummer - dette gjer det enklare å nytisse seinare "likestilling og hindre diskriminering" byttes ut med "likeverd"		
	Vang-AP		Hovudmål	227		Dessre tre punkta kan slåst saman til eit punkt		
	Vang-AP		Hovudmål	231		Dessre to punkta kan slåst saman til eit punkt		
	Vang-AP		Hovudmål	234-237		Uikkert kva som meines med dette punktet		
	Vang-AP		Hovudmål	239-242				
	Vang-AP		Hovudmål	245				
	Vang-AP					Stryk "og at"; senning bli da "Mat om vidareføring av nullkonsejon, alle busstader i Vang blir nytta som hellårbusstad"		
	Vang-AP					Usikkre på om desse to punkta høyer heime under "Hovudmål"		
	Vang-AP					Dessse to punkta bør slåst i samanheng.		
	Vang-AP		Hovudmål	246		Stryk "og vil utgjera eit felles fundament for tolkevaide, medarbeidarar, leiarar og tilstøtvalde"		
	Vang-AP		Hovudmål	245-247		Foreslås flenes		
	Vang-AP		Framtidsetta kom. Tenester	259 og 262		"Burde stå noko om ambulanse og fastlege ordninga.?"		
	Vang-AP		Framtidsetta kom. Tenester	262		Bar det stå "barmehågane" i staden for "barmehagen"		
	Vang-AP		Helse- og omsorg	267		Forslag til omformulering: "Arbeide for eit godt og inkluderande skulemiljø med nyttoorienterte løsningar for mobbing."		
	Vang-AP		Utdanning og kultur	270				
	Vang-AP		Utdanning og kultur	280		Forslag til nytt punkt som omhandlar at ein skal jobbe for å få til idrettsaktivitetar etter skuleid (både kultur og idrett)		
	Vang-AP		Utdanning og kultur	281		Bytte ut "Foreslås flenes" med "Framtidsetta"		
	Vang-AP		Landbruks/teknisk	290		Bytte ut "Nye utbyggingsår" med "Kommunali infrastruktur"		
	Vang-AP		Landbruks/teknisk	291		Sjå i samband med innspel til "Næringsstrategi"		
	Vang-AP		Valent og innovativ næringssliv	305		Forslag til omformulering: "stimulere til eit aktivt landbruk med mål om flest mogelege aktive bruk etter 2034."		
	Vang-AP		Valent og innovativ næringssliv	307		Generelt: Presisere at me ynskjer at Vang Energi skal forbli i kommunalt eige.		
	Vang-AP		Utdanning og kultur	280		Me bar sel noko om konsekvensene ynskjer E16 og Vang sentrum. Bar spesielt opp noko i KPS som konsekvenser i KPA?		
	Vang-AP		Vang-AP	316		Bustader: Bør det presiseres kva som er mein? T.d. bustalet - eller er det bustad generelt?		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	316				
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	349				
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	353				
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	353				
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	355		"Vang sentrum" bytta ut med "Vang og Ryfoss sentrumområde"		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	356		Denne frasen ber vurderes: "Gjendene når det elles ikke er aktuelle leg til i kvar sentrum" etter "ulike tilbod"		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	357		"naturpris" bytta ut med "grunnstruktur"?		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	357-358		Overflodig settning, kan fjernes "Utgangs punktet er at garden skal vere som den er."		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	359-360				
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	363		Presisering: "Jord" bytta ut med "dyrka mark"		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	366		"og både kjøpar og seljar er interessa i det" bytta ut med "og kommunen må etablere eigne feringer for dette"		
	Vang-AP		Sentrums- og bustadstrategi	367				

Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	372	"regulerte areal" omformuleres til "areal av sett i KDP Tyinkysset"
Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	372-373	"Unbygging skal først og fremst vera leiehetsbygg og servicenæring samt noko høytebygg." Kan fjernes, areabruk er avsett i KDP Tyinkysset
Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	374	Forestå fjernes: "Det kan tillatast noko vidare utvikling ved naturlig fortetting."
Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	375	Omformuleres fra "bor ikkje tillatast" til "tillatast ikkje"
Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	377	Kan fjernes "Hytter i statsområda skal vidare kunne gjøra naudsynne forberingar."
Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	395	Forslag til nytt punkt: "Vi skal utrytte muligheter for bruk og verdiskaping i fjellområdene og samtidig vurdere behov for inngrøpste soner/fastsatte grenser for utbygging i natur- og fjellområder."
Vang-AP	Fjell- og naturstrategi	397	Forslag til nytt punkt: "Berekratig arealdispesering: Vi skal vektlegge høy utnyttingsgrad i bustad-, frilids- og næringsområde for å nå nasjonale mål om reduksjon i drifts- og dyrkbar mark og øg redusere inngrep i våtmark og myrområder."
Vang-AP	Næringsstrategi	415	Forslag til nytt punkt: "Vang kommune skal ha ein definert næringsstrategi med konkrete mål med fokus på utvikling: •Styrke og vidareutvikle eksisterande næringsliv •Omstilling •Det skal vere attraktivt å etablere seg i Vang •Tilrettelegging for ikkje stadhundan næring •Grunn kraftkrevjande industri som gjev arbeidsplassar. •Kommunen skal vere offensiv med byggeklare næringsareal